


Vald mot og ulovleg avlving av dyr

Kandidatnummer: 6

Antall ord: 14598



JUS399 Masteroppgave
Det juridiske fakultet

UNIVERSITETET I BERGEN

01.06.2016

Innhold

1 Introduksjon	3
1.1 Oppgåvas tema.....	3
1.2 Oppgåvas problemstilling.....	4
1.3 Generelt om dyrevelferdslova og omsyn bak denne	4
1.4 Rettskjeldebiletet og metode.....	6
2 Vald mot dyr	7
2.1 Paragraf 14 a.....	7
2.2 Dyr	7
2.3 Vald.....	8
2.3.1 Ordlydstolking og generelt om vald	8
2.3.2 Valdsomgrepet i ordinær strafferett	9
2.3.3 Nedre grense for vald	10
2.3.3.1 Introduksjon	10
2.3.3.2 Ugrunna vald	11
2.3.3.3 Vald som er nødvendig av omsyn til dyret sjølv eller anna legitimt formål.....	12
2.3.3.4 Konklusjon	16
2.3.4 Grensa for grov vald	17
2.3.5 Psykisk vald.....	21
2.3.6 Er tolkinga av valdsomgrepet relativ til kva dyreart som er subjektet?.....	22
2.4 Medisinske inngrep	24
3 Ulovleg avliving av dyr.....	26
3.1 Paragraf 12	26
3.2 «Dyrevelferdmessig forsvarlig»	26
3.3 Bedøving og rutinar for å sikre forsvarleg dyrevelferd	29
3.4 Avliving i nødstilfelle og aktløyse ved avliving	30
3. Avliving i høve til religion og kultur	32
3.5 Skilje mellom forskjellige artar	33
3.6 Vald og avliving i konkurrans.....	34
5 Straffenivå	35
5.1 Introduksjon	35
5.2 Lukas-saka – HR-2016-295-A.....	36
5.3 Rettsutviklinga	38
6 Litteraturliste.....	40

1 Introduksjon

1.1 Oppgåvas tema

Mennesket har levd saman med og brukt dyr til sin fordel sidan hunden blei temt for 40 000 år sidan. Etter som samfunnet har utvikla seg, har dyra gått frå å vere eit reiskap og eigedom til noko ein i dag ser på som eit levande individ med eigne behov og rettar. Dyr blir nytta av og samhandlar med menneskje i kvardagen på fleirfaldige måtar. Matproduksjon, forskning, terapi, helsearbeid, redning og selskap er berre nokre av områda vi nyttar og har glede av dyr i kvardagen.

Haldningsendringane til korleis dyr bør ha det og korleis dei skal behandlast har påverka utforminga av lovverket. Spesielt etter framveksten av velferdsstaten er dyrs rettar noko som har fått meir fokus. Vi har gått frå dyrevern til dyrevelferd. Skilnaden på desse to orda er kanskje ikkje noko ein vil tenkje over utan at ein får det påpeikt, men i realiteten er endringa i namnet frå dyrevernslov til dyrevelferdslov noko som òg speglar korleis lova har utvikla seg. Det at ein no skal sikre dyret sin velferd er eit steg opp frå det å berre verne dyret mot lidning. Dei aller fleste i Noreg er einige om at dyr ikkje berre er noko som skal vere til nytte for menneskje, men at dei òg bør ha det godt.

Dyrevelferd er eit tema som engasjerer, noko som blir spegla i media. Det er eit tema som det er knytt sterke kjensler til, noko ein ser godt når media skriver om dyremishandling. Då hunden Lukas vart funne i ei elv knytt til eit betongrør, starta det ei heksejakt på sosiale media som resulterte i at domfelte meldte seg sjølv til politiet, og debatten om straffnivået rasa. Dette var den første saka angående straffnivå for dyrekriminalitet for Høgsterett etter innføringa av dyrevelferdslova.¹ Saker der dyr har blitt behandla dårleg dukkar opp titt og ofte, og blir ofte tema for samfunnsdebatt. Kriminalitet mot dyr var eit tema i Riksadvokatens rundskriv i 2015 og 2016. Det vart påpeika at «[a]lvorlege brot på dyrevelferdslova må handsamast raskt og på ein kvalitativt god måte»²

¹ Sjø HR-2016-295-A

² Rundskriv nr. 1/2015, Oslo, 9. Mars 2015, Mål og prioriteringar for straffesakshandsaminga i 2015 – politiet og statsadvokatene.

Dyrevelferd er eit tema som ikkje er behandla mykje i verken rettspraksis eller juridisk litteratur. Både temaets aktualitet og eit håp om å kunne bidra til klargjering av dette rettsområdet har vore avgjerande for valet av tema.

1.2 Oppgåvas problemstilling

Oppgåva vil drøfte kva som er straffbar vald mot dyr og ulovleg avliving av dyr, samt å diskutere straffenivået for desse lovbrota og samanlikne med straffenivået for andre lovbrota. Vald og ulovleg avliving har ein naturleg samanheng, og det kan tidvis vere eit uklart skilje mellom desse rettsleg sett. Det er derfor hensiktsmessig å inkludere begge tema i drøftinga. Oppgåva er avgrensa mot drøftinga av i kva tilfelle vald mot dyr vil vere lovleg på grunn av naudrett/naudverje, då det vil bli for omfattande å gje ei inngående framstilling av dette. Oppgåva vil i all hovudsak fokusere på det objektive skuldkravet.

1.3 Generelt om dyrevelferdslova og omsyn bak denne

Den engelske juristen, filosofen og grunnleggaren av utilitarismen, Jeremy Bentham, uttalte: «...the question is not, Can they reason? nor, Can they talk? but, Can they suffer?». ³ Han var ein pionér når det gjaldt dyrs rettar, og meinte at sjølv om mennesket er over andre dyr på rangstigen, betyr ikkje det at dyr bør lide unødig. At Charles Darwin ga ut “On the Origin of Species” i 1859 og la grunnlaget for evolusjonsteorien var revolusjonerande for korleis mennesket såg på dyret, sjølv om det var særskilt kontroversielt i byrjinga. Ein såg då at mennesket og dyra har det same opphavet, noko som gjorde at mennesket ikkje lenger var ein eineståande livsform på jorda. Noreg og Norden har vore tidleg ute med dyrevernlvgjeving, men det er Storbritannia som har vore føreganglandet med bakgrunn i Darwin si evolusjonslære og utilitarismen. ⁴

Dyrevelferdslova tredde i kraft 1. januar 2010, og erstatta då dyrevernlva frå 1974. Den første dyrevernslova tredde i kraft i 1935. Vi har òg hatt ei føresegn om dyreplageri i straffelova av 1842, og forbod mot blodtapping av slaktedyr utan bedøving i 1929.

³ Bentham, Introduction to the Principles of Morals and Legislation, 1823, kapittel 17

⁴ Sjå meir om dyrevelferdas historiske utvikling i Stenevik/Mejdell, Dyrevelferdsloven, 2011, s.11

Landbruks- og matdepartementet ønska å presisere dyrs status og rettar med den nye lova.⁵ Bakgrunnen for lova er ei «...*betydelig utvikling i kunnskapen om dyrs evner og behov, kombinert med høye etiske mål for hvordan vi ønsker at dyr skal behandles i samfunnet*». ⁶ Lova set standarden for kva som reknast for god dyrevelferd i dag, samstundes som den skal kunne tolksat i samsvar med samfunnsutviklinga når det gjeld etikk knytt til dyr. Departementet har òg ville sette eit «*godt eksempel for vern av dyrs interesser også i internasjonal samanheng*». ⁷

Det er fleire vesentlege tillegg i dyrevelferdslova frå dyrevernslova. I § 5 har det blitt innført ei generell varslingsplikt for «*[e]nhver som har grunn til å tro at dyr blir utsatt for mishandling eller alvorlig svikt vedrørende miljø, tilsyn og stell*». Det har blitt innført ei føresegn om at den som har dyr må ha tilstrekkeleg kompetanse i § 6, og det har blitt innført eit generelt forbod mot unødige operative inngrep i § 9.

Virkeområdet for lova inkluderer no ikkje berre tilhøve som påverkar dyr direkte, men òg tilhøve som påverkar «respekt» for dyra, jf. § 2. Dette vil kunne få konsekvensar for til dømes marknadsføring av animalske produkt og behandling av døyde dyr.

I generalklausulen § 3 har det blitt lovfesta at «*[d]yr har egenverdi uavhengig av den nytteverdien de måtte ha for mennesker*». I St.meld. nr. 12 (2002-2003) om dyrehold og dyrevelferd pkt. 2.4 står det: «*Dyr har egenverdi. Håndtering av dyr skal skje med omsorg og respekt for dyrs egenart. Dette innebærer å ta utstrakt hensyn til dyrs naturlige behov og aktivt forebygge sjukdom, skader og smerte*».

Føresegna om eigenverdi i er ny i dyrevelferdslova. Stenevik/Mejdell skriver at «*internasjonalt er det ganske unikt og har vakt oppmerksomhet*». ⁸ At dyr har eigenverdi vil seie at dei er verdifulle berre i kraft av å vere til, uavhengig av kva nytteverdi dei vil ha for menneskje.

⁵ Ot.prp.nr.15 (2008-2009) Om lov om dyrevelferd, s.9

⁶ Ot.prp.nr.15 (2008-2009) Om lov om dyrevelferd, s.7

⁷ Ot.prp.nr.15 (2008-2009) Om lov om dyrevelferd.s 7

⁸ Stenevik/Mejdell, Dyrevelferdsloven, 2011, s.33

I høve til anna regelverk som gjeld dyr skal dyrevelferdslova stå som overordna og gje generelle føringar, samt at den kan fungere som heimel for forskrifter der meir detaljerte føringar er nødvendig. Det er ikkje ei nordisk rettseining når det gjeld dyrevelferd, men alle landa tilkjenner dyr sin rett til god behandling og vern mot lidning. Noreg er forplikta gjennom EØS-avtala til å gjennomføre regelverk som gjeld dyrevelferd. Dette omhandlar tilhøva til dyr knytt til handel. EU har ingen overordna regelverk om dyrevelferd.

1.4 Rettskjeldebiletet og metode

Dei mest sentrale lovføresegnene vil vere dyrevelferdslova §§ 12 og 14 a, som inneheld forboda mot ulovleg avliving og vald mot dyr. Utvalet av dommar frå Høgsterett om dyrevelferd er svært tynt, så førearbeida vil vere ein sær sentral rettskjelde. Høgsterettsavgjersler frå dyrevernslova kan vere relevant der dei har overføringsverdi, og det same gjeld straffelova i nokre tilfelle. Det vil vere naudsynt å nytte underrettspraksis for å utvide rettskjeldegrunnlaget og få eit breiare grunnlag for drøfting. I juridisk litteratur er Dyrevelferdsloven – kommentaturgave av Inger Helen Stenevik og Cecilie M. Mejdell frå 2011 den mest sentrale kjelda.

Det strafferettslege legalitetsprinsippet følger av Grunnlova § 96, og seier at «*Ingen kan dømmast utan etter lov eller straffast utan etter dom*». Av dette følger det òg eit krav om klårleik i straffeheimelen, slik at ein kan føresjå si eiga rettsstilling. At ei handling er å rekne som straffverdig er ikkje i seg sjølv nok til at den skal straffast.⁹ Dyrevelferdslova nyttar i fleire tilfelle rettslege standardar i føresegnar som er knytt til straffetrussel. Legalitetsprinsippet vil vere ein sentral tolkingsfaktor i spørsmålet om ei handling er straffbar der ein må vurdere rekkevidda av ordlyden.

Paragraf 1 i dyrevelferdslova er ein formålsparagraf, og kan vere ein viktig tolkingsfaktor innafor dyrevelferdsområdet. Det følger av § 1 at «*[f]ormålet med loven er å fremme god dyrevelferd og respekt for dyr*». Bruken av ordet dyrevelferd i staden for dyrevern, gir eit breiare verkeområde. Av førearbeida følger det: «*Ved å bruke dyrevelferd i formålsbestemmelsen, i stedet for begrepet dyrevern, ønsker departementet å fokusere på at loven skal sette hensynet til dyrene i sentrum*».¹⁰ Legalitetsprinsippet vil likevel sette skrankar for korleis ein kan tolke eit straffebod med bakgrunn i andre tolkingsfaktorar ein føresegna i seg sjølv.

⁹ Sjø Rt.2009.780 avsnitt 21 og Rt.2012.313

¹⁰ Ot.prp.nr.15 (2008-2009) Om lov om dyrevelferd, s.19

2 Vald mot dyr

2.1 Paragraf 14 a

Av dyrevelferdslova § 14 a følger det:

Det er forbudt å:

- a) *utøve vold mot dyr*

Denne føresegna er ei vidareføring av fleire føresegner frå den gamle dyrevernslova. Paragraf 14 er generelt utforma, i motsetnad til dei gamle føresegnene som innehaltdt forbod mot spesifikke handlingar, til dømes forbod mot «å sparka dyr eller å slå dyr med staur» og «å bruka pisk som framdriftsmiddel». «[V]old» er brukt som eit samleomgrep som erstattar dei einskilde forboda i dyrevernslova.

2.2 Dyr

Kva som går inn under omgrepet «*dyr*» er legaldefinert i § 2 om lova sitt verkeområde. Av § 2 følger det at «[I]oven omfatter forhold som påvirker velferd hos eller respekt for pattedyr, fugler, krypdyr, amfibier, fisk, tifotkreps, blekksprut og honningbier. Loven gjelder tilsvarende for utviklingsstadier av nevnte dyr dersom sanseapparatet tilsvarer utviklingsnivået hos levende dyr». Lova skil ikkje mellom eide og viltlevande dyr, og det følger av førearbeida at lova omfattar dei dyr «som ut frå gjeldende kunnskap, med høy grad av sannsynlighet kan ha positive og negative opplevelser». ¹¹

Lovgjevar har valt å nytte ei uttømmmande liste for kva dyregrupper som skal vere omfatta. Det er presisert i lovproposisjonen at regulering av virkeområde ikkje bør skje gjennom forskrift, og om ny kunnskap skulle tilseie endring av virkeområde bør det skje gjennom ei lovendring.¹² Kva som er omfatta av «*dyr*» er derfor dyregruppene som er lista opp i dyrevelferdslova § 2 samt utviklingsstadier av nemnte dyr med tilstrekkeleg sanseapparat.

¹¹ Ot.prp.nr.15 (2008-2009) Om lov om dyrevelferd, s.19-20

¹² Ot.prp.nr.15 (2008-2009) Om lov om dyrevelferd, s.21

2.3 Vald

2.3.1 Ordlydstolking og generelt om vald

Det sentrale omgrepet i § 14 a er «*vold*». Valdsomgrepet er i til liks med andre rettslege omgrep noko som endrar seg med tida og samfunnsutviklinga. Ordet har norrønt opphav, og tyda opphavleg «makt». Det skal ha samanheng med «valere» på latin, som betyr å «vere sterk».¹³

I Store Norske Leksikon blir vald definert som «*fysisk eller psykisk overgrep for å tvinge gjennom sin vilje, eller for å få utløp for aggresjon*».¹⁴ Norsk Ordbok definerer vald som «*bruk av fysisk makt, styrke (på ein rå, brutal måte)*».¹⁵ Oppgåva vil ta utgangspunkt i fysisk vald, då dette er det som er mest relevant, for å så vurdere i kva grad psykisk vald kan omfattast.

Ordlyden «*utøve vold*» tilseier at det er sjølve handlinga som er forbode, og ikkje følgjene av handlinga (sjølv om dette kan verke formildande eller skjerpande). Kjernen i valdsomgrepet er dei openbare handlingane som å slå, sparke, kvele, svi, bruke pisk, o.s.v. Det mest typiske er at ein nyttar eigen kropp til å påføre nokon skade. Ein kan også nytte gjenstandar, til dømes stein, stokk eller bil.

Andre handlingsmåtar vil ikkje like openbart falle inn under vilkåret. I kva grad kan ein nytte fysisk straff i oppseding? Kan ein løfte ein katt etter nakkeskinnet? Kor store psykiske belastningar kan ein utsette eit dyr for før det blir psykisk vald? Og kor inngripande må handlinga vere for at den skal reknast som grov vald? Dette er alle spørsmål som ein ikkje nødvendigvis kan finne svar på ved ei ordlydstolking aleine.

Omsynet til rettseining i og at ein skal kunne vurdere si rettsstilling på førehand tilseier at ein kan ta praksis frå straffelova og straffelova 1902 til hjelp for å klarlegge valdsomgrepet i dyrevelferdslova.

I førearbeida står det at vald ofte vil vere både mental og fysisk, men at ein kan skremme og stresse dyr utan bruk av fysisk vald. Eksempel på vald som blir brukt er: slag, spark, biting, brenning, frysing, bruk av reiskap, unødig tvang, å drive dyr for hardt osv. Når det gjeld belastningar av mental karakter

¹³ Harald Bjorvand og Fredrik Otto Lindeman: *Våre arveord – etymologisk ordbok. Revidert og utvidet utgave*. Novus Forlag 2007

¹⁴ <https://snl.no/vold>

¹⁵ <http://no2014.uio.no/perl/ordbok/no2014.cgi?soek=vald>

lister førearbeida opp uro, frykt, angst og stress som eksempel. Vidare blir kjernen i valdshandlingar definert som «*at man bevisst eller uaktsomt påfører dyr påkjenninger og belastninger, som ikke er nødvendige av hensynet til dyret selv eller annet legitimt formål*».¹⁶ Dette betyr at nokre handlingar som vil vere å rekne som vald etter ordlyden kan tolkast innskrenkande om det er tilhøve som gjer handlinga legitim, om det skulle vere av omsyn til dyret eller andre grunnar.

Vald vil som hovudregel vere ei aktiv handling, jf. ordlyden «*utøve vold*». Det kan likevel tenkjast nokre situasjonar der ei unnlating kan kvalifisere som vald. Eit eksempel er om ein hund angrip andre dyr, og eigaren vel å ikkje prøve å stogge angrepet. Ei slik unnlatingshandling vil fort kunne kvalifisere som vald.

Proposisjonen brukar skildringa «*...handlingar som etter allmenn samfunnsmoral oppfattes som klanderverdige*» om vald.¹⁷ Legalitetsprinsippet og klarleikskravet gjer det problematisk å nytte ei så dynamisk gjerningsskildring i eit straffebod. Kva som er klanderverdig når det gjeld behandling av dyr er jo litt opp til auget som ser, og i alle fall om det ligg i grenseland for kva som er vald. Det kjem òg fram av proposisjonen at ei «*...handling anses forkastelig eller straffverdig er ikke tilstrekkelig til å idømme straff*» og at det er «*...nødvendig med en klar forbudshjemmel for å utelukke tvil om disse handlingenes straffverdighet*».¹⁸ Dette talar for at ein ikkje kan straffe nokon for ei handling som oppfattast som klanderverdig, men at nokre handlingar ikkje vil vere straffbare i gitte situasjonar. Dette kan vere om ein til dømes må rykke tak i ein hund for å unngå at den spring ut i veggen, eller at ein held ein mink som prøvar å stikke frå buret sitt etter halen.

2.3.2 Valdsomgrepet i ordinær strafferett

Omsynet til førehandsvise og samanheng i rettssystemet tilseier at valdsomgrepet i dyrevelferdslova bør ha same meiningsinnhald som i straffelovgjevinga elles. Dyrevernalliansen, som var ein av høringsinstansane, påpeikte at «*vold*» i dyrevelferdslova bør så langt det passar vere samanfallande med same omgrep i straffelova. Departementet sa seg einig i at det bør vere mest mogleg samsvar mellom terminologien i dyrevelferdslova og straffelova.¹⁹ Dette talar for at ein kan nytte kjelder frå

¹⁶ Ot.prp.nr.15 (2008-2009) Om lov om dyrevelferd, s.103

¹⁷ Ot.prp.nr.15 (2008-2009) Om lov om dyrevelferd, s.103

¹⁸ Ot.prp.nr.15 (2008-2009) Om lov om dyrevelferd, s.50

¹⁹ Ot.prp.nr.15 (2008-2009) Om lov om dyrevelferd, s.50

straffelova og rettsavgjersler om vanleg strafferett for å presisere tolkinga av vald i dyrevelferdslova, noko eg vil gjere i drøftingane under.

Sjølv om vald i dyrevelferdslova og straffelova ikkje er samanfallande når det gjeld psykisk vald, kan straffelova vere rettleiande når det gjeld fysisk vald. Rettspraksis frå straffelovene vil vere av særleg interesse, då høgsterettspraksis som gjeld vald mot dyr ikkje er veldig omfattande.

Ein kan argumentere for at vi i kraft av å vere menneskje bør nyte eit større vern mot vald enn det dyr gjer. På den andre sida har vi eit moralsk ansvar for dyr som vi vel å omgje oss med, og at tolkinga av vald bør spegle samfunnet og utviklinga på dyrevelferdsområdet. Det som reknast som vald mot menneskjer bør derfor som hovudregel reknast som vald mot dyr, òg fordi det bør vere ein samanheng i ordbruken i det strafferettslege systemet. Det kan likevel tenkjast at noko som ikkje er ei påkjenning for menneskjer, likevel kan vere så belastande for dyr at det bør kvalifisere som vald. Dyrevernalliansen påpeiker dette i høringa.²⁰ Eit eksempel kan vere høgfrekvente lydar som menneskjer ikkje kan oppfatte, men som kan vere smertefullt for dyr.

2.3.3 Nedre grense for vald

2.3.3.1 Introduksjon

For å kunne definere kva som kvalifiserer som vald må ein kunne setje ei nedre grense. Det som då vil falle under denne terskelen fell òg utanfor valdsomgrepet. Moment som kan ha betydning er graden av maktbruk og kor inngripande handlinga er.²¹

Nokre handlingsmåtar vil isolert sett vere klart innafor valdsomgrepet. Å bite, sparke, slå eller strupe og å løfte etter hovudet, beinet, halen, ørene, skinnet, pelsen eller halsbandet er handlingar som Mattilsynet vurderer som vald mot hund, og vil vere overførbart til andre typar dyr. Andre typar handlingar som medfører smerte eller fare for skade kan òg vurderast som vald.²²

²⁰ Ot.prp.nr.15 (2008-2009) Om lov om dyrevelferd, s.49

²¹ Andenæs, Spesiell strafferett og formuesforbrytelser, s.62

²²http://www.mattilsynet.no/dyr_og_dyrehold/kjaledyr_og_konkurransedyr/hund/trening_av_hund__hva_er_lov.16447

Ein har ingen definitiv definisjon på kor den nedre grensa går, og problemstillinga er lite diskutert i rettspraksis. Dette har ein samanheng med at slike tilfelle sjeldan vil bli meldt til politiet, og kanskje ikkje følgt opp av politiet når dei blir meldt. Det er grunn til å tru at dette gjer seg endå meir gjeldande i høve til handlingar mot dyr som ligg i grenseland av vald.

Ein må trekke ei grense mellom vald og det som vil vere lovlege handlingar. I førearbeida blir dette omtalt som handlingar som «... er nødvendige av hensyn til dyret sjølv eller annet legitimt formål».²³ Det er derfor hensiktsmessig å dele drøftinga opp i to: ugrunna vald og vald som er nødvendig av omsyn til dyret sjølv eller anna legitimt formål.

2.3.3.2 Ugrunna vald

Ugrunna vald vil vere makt som blir utøvd då det ikkje er nødvendig av omsyn til dyret sjølv eller eit anna legitimt formål. Eksempel på legitime formål er å avverje ei fare mot dyret, hindre dyret i å angripe andre dyr eller menneskje, oppseding av dyret eller dyrets helse . Om ein ikkje har ein legitim grunn for å bruke makt mot dyret vil handlinga lettare kunne bli karakterisert som vald.

Rettsavgjersler som gjeld det nedre sjiktet av vald mot menneskje etter straffelova har ofte til felles at det gjeld vald mot eller av ein offentleg tenestemann. Desse rettsavgjerslene vil bygge på omsyn til eit effektivt politivesen og offentleg maktbruk, noko som ikkje gjer seg gjeldande ved vald mot dyr. Slike dommar har derfor avgrensa overføringsverdi til dyrevelferdsområdet.²⁴

Ein kvar bruk av makt vil ikkje kunne reknast som vald. Ein må avgrense nedover mot den meir ubetydelege maktbruken.²⁵ I Rt.1988.922 dytta ein kaptein ein soldat med flat hand. Offiseren hadde brukt nok kraft til at soldaten måtte ta eit steg bakover for å ikkje dette. Retten meinte at dette var over grensa for vald i § 228 første ledd. Høgsterett drøfta ikkje dette momentet veldig inngående, men ein kan slutte frå dette at om dytten ikkje hadde vore så kraftfull at soldaten måtte ta ei skritt bak, så hadde handlinga heller ikkje vore å rekne som vald. Denne dommen er illustrerande for fleire aspekt ved valdsvurderinga. Den syner om lag kor stor maktbruk som er tilstrekkeleg for at grensa for vald er overskrida når det ikkje er eit legitimt føremål for maktbruken.

²³ Ot.prp.nr.15 (2008-2009) Om lov om dyrevelferd, s.103

²⁴ I Rt.1992.73, som omhandla vald mot ein tenestemann, vart vald definert som «en hvilkensomhelst kraftanvendelse». I Rt.1995.661 uttalte Høgsterett at «[n]år det som her dreier seg om en maktbruk som ligger i det nedre område for straffeloven § 228, bør ikke enhver overskridelse av det strengt nødvendige lede til straffeansvar».

²⁵ Matningsdal/Bratholm, 1995, s.547

Det kan tenkast at i andre situasjonar hadde det vore legitimt for offiseren å dytte soldaten med flat hand, slik at grensa for vald hadde vore noko høgare.

I den ordinære strafferetten er det ikkje eit krav at handlinga er smertefull eller resulterer i eit merke på offeret. I Rt.1992-851 hadde tiltalte hindra eks-kona si i å gå inn i ei drosje, for så å løfte ho opp og bære ho 50-60m vekk. Dette vart subsumert under vald i straffelova 1902 § 228. Det kan likevel argumenterast for at det er andre krav når det gjeld vald mot dyr. Handlingar som i vanleg strafferett karakteriserast som vald men ikkje medfører smerte eller noko slags merke på offeret, vil vere ei integritetskrenking, noko ein sjølv sagt må verne mot. Men når det gjeld eit dyr vil ikkje det nødvendigvis kjenne seg negativt behandla om det ikkje får vondt eller tar skade av ei slik handling. Om ein løfter ei høne mot hennar vilje er det klart at det ikkje vil vere vald (så lenge det ikkje er smertefullt for høna å bli løfta). Omsynet bak føresegna, å verne dyr mot handlingar som dei opplever som negative, vil ikkje gjere seg gjeldande i ein del tilfelle som ville vore integritetskrenkingar for menneskje. Dette er etter mi meining eit avgjerande argument for at terskelen for vald er noko høgare i enkelte tilfelle når det gjeld bruk av makt mot dyr. Terskelen for vald mot dyr bør derfor vere der dyret ein påfører dyret smerte eller det er fare for skade på dyret.

2.3.3.3 Vald som er nødvendig av omsyn til dyret sjølv eller anna legitimt formål

I nokre tilfelle kan det vere forsvarleg å bruke makt som isolert sett ville overskrida grensa for vald. Dette kan vere av omsyn til dyret, til dømes for å verne det mot fare eller å disiplinere det. Det kan òg vere av omsyn til andre formål, til dømes å verne andre dyr, menneskje eller eigedom. Om handlingar skal vere «...nødvendige av hensyn til dyret sjølv eller annet legitimt formål»,²⁶ må dei òg vere handlingsalternativa som verkar minst inngripande på dyret. Om ein vel eit handlingsalternativ som er meir inngripande enn det treng å vere, kan det heller ikkje seiast å vere nødvendig. Dess meir inngripande handlinga er, desto meir legitimt bør formålet vere.

Andenæs nyttar to eksempel på korleis valdsomgrepet i ordinær strafferett er relativt.²⁷ Om ein tar ein uboden gjest i armen og fører han ut av huset kan ein ikkje snakke om vald. Om ein derimot bokstaveleg talt kastar den ubodne gjesten ut, kan ein kalle det vald. Om ein knipsar ein framand person på nasa kan ein omtale det som vald, sjølv om det er ein veldig liten brukt av makt. Stenevik/Mejdell nyttar eit eksempel der ein skal vege eit lam. Om ein veg lammet skånsamt og

²⁶ Ot.prp.nr.15 (2008-2009) Om lov om dyrevelferd, s.103

²⁷ Andenæs, Spesiell strafferett og formuesforbrytelser, s.62

effektivt vil det ikkje vere vald. Om ein brukar mykje makt og lempar lammet på vekta på ein måte som kan skade, kan vi vere over i ei valdshandling.²⁸ Om maktbruken er unødvendig stor kan ein fort vere over i ein handlingsmåte som ikkje er nødvendig av omsyn til dyret eller eit anna legitimt formål.

Eit område tolkinga av den nedre grensa for vald gjer seg spesielt gjeldande på er ved oppsedinga av eit dyr. Sjølv om dei fleste dyreekspertar i dag er samde om at positiv forsterking er å føretrekkje,²⁹ kan ikkje ei kvar negativ irettesetting reknast som vald. Eit eksempel kan vere at ein eigar knip hunden sin i nakken om den bjeffar inne, for å få hunden til å slutte å bjeffe. Det er klart at ei kvar fysisk berøring ikkje vil vere over terskelen for vald. Ein må kunne ta tak i hunden for å få distraherert den og gje eit signal om at åtferda ikkje er ønskjeleg. Om ein knip så hardt at det blir smertefullt for hunden, vil ein etter mi meining vere over grensa for vald. Det finns andre handlingsalternativ som er meir skånsame, til dømes å flytte hunden til eit anna rom eller å gje hunden positiv forsterking i tilfelle då den er stille.

I ei sak frå Gulating lagsmannsrett, LG-1997-01803 hadde tiltalte disiplinert hunden ved å slå den med ei avis over krysset (nedre del av ryggen) når den gjorde frå seg inne under løpetida. Det vart lagt til grunn at beskjeden kraft hadde blitt brukt. I Midhordaland herredsrett hadde den tiltalte blitt dømt for brot på dyrevernslova §§ 2 og 8 for «å dressera eit dyr på slik vis at det kjem i fare for å lida eller verta skremt i utrengsmål». Det vart lagt vekt på at førearbeida sa at det skal lite til for å tre over føresegna, og at ordlyden «*kjem i fare for*» talar for at ein ikkje må bevise at dyret faktisk har lidd eller blitt skremt. I Gulating Lagmannsrett vart tiltalte frifunne, då retten meinte at det subjektive skuldkravet ikkje var oppfylt. Retten vurderte ikkje det objektive skuldkravet. Det er vanskeleg å seie om tilhøvet er straffbart etter noverande lov, då det ikkje vart diskutert i detalj kor hardt den tiltalte slo hunden med avisa. Ein kvar kraftbruk vil ikkje overskride terskelen for vald, då ein eigar må ha høve til å gje dyret ein korreks. Slår ein hunden så hardt med avisa at det medfører smerte, vil det etter mi meining overskride grensa for vald, då ein har alternative metodar for å disiplinere hunden som er mindre inngripande for hunden og meir effektivt som læringsverktøy.

Rt.2005.1567 omhandla ein stefar som hadde slått sine to stesøner med flat hand på baken som for å oppdra dei. Slaga/klapsa hadde skjedd utanpå buksa, og det hadde blitt gjort etter at mor hadde

²⁸ Stenevik/Mejdell, Dyrevelferdsloven, 2011, s.33

²⁹http://www.mattilsynet.no/dyr_og_dyrehold/kjaledyr_og_konkurransedyr/hund/trening_av_hund__hva_er_lov.16447

snakka til barna om hendinga som var grunnlaget for refsen. Borna hadde følt seg audmjuka og reagert med sinne og gråt. Førstvoterande sa at handlingane klart fall innafør gjerningskildringa «*øver Vold mod en andens Person eller paa anden Maade fornærmer ham paa Legeme*». Det blir ikkje problematisert om refsen blir omfatta av «vold» eller «*på anden Maade fornærmer han paa Legeme*», men dæ Andenæs meiner at andre alternativ omhandlar dei «*meir subtile former for legemskrenkelse*»³⁰ blir det lagt til grunn at det vald det er tale om.

Det blir så vurdert straffebodet skal tolkast innskrenkande sidan handlingane var føretatt for å oppdra ungane. Førstvoterande uttaler at «*selv uten en uttrykkelig rettsstridsreservasjon må straffebud ofte tolkes innskrenkende med tanke på unntakssituasjoner som straffebudene ikke tar sikte på å ramme*». Retten meinte at det i visse tilfelle kunne vere høve til å irettesette born med lette klaps (eit synspunkt som har møtt kritikk frå fleire hald).³¹ I avsnitt 25 kom retten til at «*[d]e kroppslige refselser som er gjennomført i dette tilfellet, overstiger klart det som kan aksepteres i oppdragelsesøyemed*». Handlingane var ikkje hindrande eller avverjande, skjedde fleire timar etter «ugjeringa» til gutane hadde funne stad og bar preg av å vere ei fysisk straff. Ut ifrå denne dommen kan ein lese at også klapps vil vere over grensa for vald, sjølv om det er diskutabelt kor om lette klaps òg vil vere omfatta. Ein vil då kunne samanlikne klapps av ein viss styrke med andre handlingar med om lag lik maktbruk og konsekvensar for offeret.

Ein kan argumentere for at dyr må tåle noko meir med tanke på oppseding sidan ein ikkje like lett kan kommunisere sine ønskjer for kva som er den ønskelege åtferda på andre måtar. På den andre sida ville ein jo ikkje brukt dette argumentet angående slike handlingar mot born som er for unge til å kommunisere skikkeleg. Etter mi meining er det eit tyngre argument at den som ikkje har evner til å kommunisere ikkje naudsynlegvis har evner til å forstå fysisk maktbruk og kvifor den blir nytta. At dyr er ein «svak part» og prisgitt mennesket fullstendig er eit argument for at terskelen for vald mot born og dyr bør vere den same.

Eg vil no vise til eigne eksempel på tilfelle som kan vere i grenseland av valdsomgrepet:

Eit typisk eksempel er at eigaren av ein hund rykkar i bandet for å rette på hunden sin åtferd. Dette vil vere fysisk maktbruk mot dyret for å tvinge igjennom sin vilje, der målet er oppseding av hunden.

³⁰ Nærmare om dette i Andenæs, Spesiell strafferett og formuesforbrytelser, s.63

³¹ Utførlig om dette i Backer, 2006, Kan foreldrene gi barna en «lett klaps»? og Stang, 2011, Alle former for vold mot barn er forbud – og straffbart?

Kraftige rykk i bandet til ein hund som ikkje nyttar sele kan påføre hunden nakkeskadar.³² Det finns òg alternativ der ein ikkje vil utsetje hunden for dei same aversiver, til dømes mildare oppsedingsmetodar og ein sele som gjer at rykk ikkje vil ha same belastning på nakken. Om ein brukar nok kraft når ein rykkar i bandet vil ein gå over grensa for vald. Det er sjølvstans vanskeleg å spesifisere akkurat kor denne grensa går. Mi meining er at grensa for vald vil gå der det er fare for at hunden tar skade av rykket eller opplever smerte av ein viss grad.

Å bære ein katt etter nakkeskinnet er noko som har blitt praktisert av mange i lang tid. Nyare forskning har vist at kattar kan ta skade av dette.³³ Dette vil vere maktbruk mot dyret, og sjølv om føremålet om å flytte på katten i seg sjølv er legitimt, kan ein flytte på katten på måtar som er meir skånsamt. Om ein legg til grunn at katten tar skade av å bli løfta i nakkeskinnet vil dette vere i grenseland for vald. Legalitetsprinsippet vil likevel måtte setje ei grense her. Ei allmenn språkleg forståing av vald vil ikkje omfatte å løfte ein katt etter nakkeskinnet. Mange vil meine at dette er ein naturleg måte å løfte ein katt på, og det er heller dei som held seg oppdatert på dyrevelferd som vil vere klar over moglege skadeverknadar. Ein kan sjølvstans argumentere for at ei slik behandling av katten vil stride mot generalklausulen i § 3 om at dyr skal «*behandles godt og beskyttes mot fare for unødige påkjenningar og belastningar*». Det er likevel ei problemstilling om denne føresegna er klar nok til å ramme slike tilfelle, med tanke på kravet til klarleik i legalitetsprinsippet.

Halsband som gir straum til hunden vil som den store hovudregel vere vald. I dei aller fleste tilfelle vil det vere andre alternativ ein kan nytte for å oppsede hunden. Straumhalsband kan både vere smertefullt og stressande for hunden, og det er spesifikt lagt ned forbod om dette i forskrift.³⁴ Det er likevel gjort unnatak for såkalla aversjonstrening i § 3 i forskrifta, noko som er spesifisert i førearbeida.³⁵ Av forskrifta følger det at «*[d]et er forbudt å bruke utstyr på hund som medfører at hunden kan utsettes for elektrisk strøms. Unntak gjelder for nødvendig aversjonstrening av hund mot jaging av beitedyr, tamrein og klovvilt når treningen utføres av personer som tilfredsstiller kompetansekravene i denne forskrift*». Alternativet til å nytte strøms i aversjonstrening er at hunden påfører sauene skader, og det er såleis ein situasjon der «målet helliger middelet». Ein må nytte så lav effekt som mogleg og over så kort tid som mogleg, samstundes som straumen har den ønska

³² <http://www.labadoption.org/info/file?file=17128.pdf>

³³ http://www.mattilsynet.no/om_mattilsynet/gjeldende_regelverk/veiledere/tilsynsveileder_katt.16905/binary/Tilsynsveileder%20-%20katt s.5

³⁴ Forskrift om bruk av elektrisk strøms ved trening av hund, FOR-2008-03-14-256

³⁵ Ot.prp.nr.15 (2008-2009) Om lov om dyrevelferd, s.112

effekten. Krava til kompetanse hjå den som utfører treninga er strenge. Om ein brukar meir straum mot hunden enn det som er naudsynt vil ein fort vere over grensa for vald.

Nokre handlingar som ein vanlegvis ville rekna som vald finns det unntak i forskrifter for. Eit eksempel på dette er bruk av elektrisk støyt i drivgangar på slakteri. I Forskrift om dyrevern i slakterier³⁶ § 11 følger det:

«Redskaper som gir elektrisk støt, tillates kun brukt unntaksvis dersom annet hjelpemiddel ikke virker. Elektriske drivredskaper tillates bare brukt på storfe eldre enn 1 år og på svin. Elektriske støt skal bare gis mot muskulatur på bakben, og kun på dyr som har god plass til å bevege seg. Det skal være pause på ca. 10 sek. mellom hvert støt og hvert støt skal ikke vare meir enn 1 sekund».

Ein ser då at moglegheita til å gje støyt er regulert som ein siste utveg, og at det er faste framgangsmåtar som skal føljust. Om ein ikkje har nytta andre hjelpemiddel før ein nyttar støyt, til dømes at slakteriet ikkje har nytta hensiktsmessige drivgangar for dyra som skal til slakt, vil ein vere over grensa for vald.

Å bruke pisk på hest i trav- og galopp-tevlingar er noko som vil vere omfatta av forbodet i dyrevelferdslova § 26 bokstav b mot «behandling som kan gjere aktiviteten dyrevelferdsmessig uforsvarlig». Ein kan då dra slutninga at maktbruk som svarar til bruk av pisk vil vere over grensa for vald, sjølv om det er gjort for å oppsede eller å presse dyret til å prestere.³⁷

2.3.3.4 Konklusjon

For å oppsummere er ikkje den nedre grensa for vald noko som lett kan definerast. Rettspraksis og dei konstruerte eksempla eg har nytta vil gi ein viss peikepinn for kvar lista ligg. Legalitetsprinsippet vil setje ei grense i dei tilfella den aktuelle handlinga ikkje samsvarer med den allmenne oppfatninga av vald. Eit sentralt vurderingsmoment i gresedraginga er om belastninga, påkjenninga eller den maktbruken ein utsett dyret for er nødvendige av omsyn til dyret sjølv eller anna legitimt formål.³⁸

³⁶Forskrift om dyrevern i slakterier, FOR-1995-08-28

³⁷ Bruk av pisk var eksplisitt forbode etter dyrevernlova § 8 (2). Den nye lova har ei meir generell utforming, men det er ikkje noko som tyder på at lovgjevar ikkje vil vidareføre dette forbodet. Bruk av pisk er i følgje proposisjonen omfatta av § 26 (s.112).

³⁸ Ot.prp.nr.15 (2008-2009) Om lov om dyrevelferd, s.103

Ved handlingar som ligg i det nedre sjiktet av valdsomgrepet vil det ofte vere vanskeleg å kunne bevise subjektiv skuld, som bidrar til at desse handlingane svært sjeldan vil bli straffefølgd.

Mi meining er at grensa for vald der handlinga ikkje har eit legitimt formål må gå der dyret opplever smerte eller der det er fare for skade. Dette er fordi formålet bak å verne eit dyr mot vald ikkje tilseier at ein må verne mot det som ville vore ei integritetskrenking mot eit menneske. Velferda til eit dyr vil ikkje bli betre om ein set grensa for vald lågare enn dette.

I tilfelle der handlinga er gjort av ein legitim grunn med omsyn til dyret sjølv eller noko anna, vil det bli ei konkret vurdering for kvart enkelt tilfelle. Dess meir legitim grunnen for handlinga er, dess større inngrep mot dyret kan ein tillate. Inngrep i den nedre delen av skalaen vil typisk vere oppseding og åtferdsmodifiserande inngrep. Her vil det etter mi meining vere små moglegheiter til å bruke makt som medfører smerte eller fare for skade på dyret, sidan det ofte vil vere alternative handlingar som er mindre inngripande. Det vil vere nokre unnatak, som til dømes å gjere ein hund sauerein. I den øvre enden av skalaen er situasjonar der dyret er i fare eller det set andre dyr eller menneskje i fare. I slike tilfelle må ein kunne bruke nok makt til å få avverja faren, men ikkje meir enn nødvendig. Vurderinga vil bli lik ei nødrett-/nødverje-vurdering

2.3.4 Grensa for grov vald

Historisk sett er det mest grove dyrelovbrot som har blitt straffefølgd. I motsetnad til den ordinære strafferetten har ikkje dyrevelferdslova ei eiga føresegn som straffar grove voldslovbrot. Skillet mellom ordinære og grove lovbrøt er skildra i straffetrusselen § 37:

«Forsettlig eller grovt uaktsom overtredelse av bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven eller vedtak gitt i medhold av loven, straffes med bøter eller fengsel inntil 1 år eller begge deler, såfremt forholdet ikke rammes av strengere straffebestemmelse.

Grov overtredelse straffes med fengsel inntil 3 år. Ved vurderingen av om overtredelsen er grov, skal det særlig legges vekt på overtredelsens omfang og virkninger, og graden av utvist skyld».

Føresegna er i hovudsak ei vidareføring av § 31 frå dyrevernslova, slik som den sto etter lovendringa i 2001. Nytt er at skuldkravet er endra frå aktløyse til grov aktløyse, og at medverking er med. Vurderingsmoment for vurderinga av kva som er grovt lovbrøt er òg nytt. Desse momenta er ikkje uttømmende, jf. «særlig legges vekt på».

Ei naturleg språkleg forståing av «*omfang*» er at det er ein måte å skildre rekkevidda av lovbrotet. Eit lovbroet kan vere lite eller stort med tanke på fysisk utstrekking og utstrekking i tid. Eit lovbroet kan til dømes ramme fleire dyr. Dess fleire dyr som er ramma, dess grovare vil lovbrotet vere. Lovbrotet kan òg strekke seg over lengre tid. Det er opplagt grovare å slå eit dyr kvar dag i motsetnad til ei eingongshending.

Ei ordlydstolking av «*virknings*» er konsekvensar eller følger av handlinga. Eksempel kan vere om dyret har blitt påført ei betydeleg mengde smerte og stress, eller om dyret har fått varige mén av handlinga. Stenevik/Mejdell meiner at «*virknings*» òg vil omfatte «*negative virknings på respekten for dyr*», og viser til formålet med lova i § 1». ³⁹ Etter mi meining blir det å knytte straffeansvar til handlingar som har negative verknadar for respekt for dyr å trekke det for langt. Ein har i Noreg fridom til å utrykke seg ganske fritt om det meste, og ytringsfridommen strekk seg langt. Det ville vore urimeleg om dyr skal ha eit større vern mot negative verknadar for respekten knytt til dei enn menneskje har.

Når det gjeld graden av utvist skuld vil det vere grovare å ha gjort lovbrotet med overlegg enn om ein har handla grovt aktlaust.

Kva som kjenneteiknar ei grov handling er òg skildra i førearbeida. På side 88 i proposisjonen står det at «*[g]rov dyremishandling er handlinger der straffverdigheten tilsier at strengere straffer bør idømmes*». ⁴⁰ Denne definisjonen gir i seg sjølv ikkje så mykje, då det allereie kan lesast ut av § 37 at grove lovbroet har ei høgare strafferamme. Omgrepet straffverdighet blir nytta, som har samanheng med allmenn rettskjensle og rettferdsbetraktningar. I Straffelovskommisjonens delutredning om ny straffelov VII blir straffverdighet skildra som «*...en karakteristikk av handlinger vurdert ut frå hensyn med moralske implikasjoner, nært knyttet til rettferdighetsbetraktninger og gjengjeldelsesteorier*». ⁴¹

³⁹ Stenevik/Mejdell, Dyrevelferdsloven, 2011, s.423

⁴⁰ Ot.prp.nr.15 (2008-2009) Om lov om dyrevelferd, s.118

⁴¹ Meir om straffverdighetsomgrepet i NOU 2002: 04, Ny straffelov, Straffelovskommisjonens delutredning VII, 5.2.2.3.3

Under dei særskilte merknadane til lovutkastet blir vurderinga om lovbrøtet er grovt skildra: «Ved vurdering av om det foreligger grove eller særlig skjerpende omstendigheter, bør det legges vekt på de konsekvenser lovbruddet har fått, så som omfanget av påført fysisk og mental skade og smerte og om lovbruddet har pågått over tid eller har gjentatt seg. Det bør også legges vekt på om lovbruddet er gjort på særlig smertefull måte, og om overtredelsen er gjort med hensikt». ⁴²

Straffelova § 274 omhandlar grov kroppskrenking. Føresegna lister opp fleire moment i vurderinga av kva som vil vere ei grov kroppskrenking. Fleire moment her er overførbare til vald mot dyr. Blant anna om handlinga «...har hatt til følge sterk smerte, skade eller død...». Andre moment er om handlinga «har karakter av mishandling» eller er gjort med «...kniv eller annet særlig farlig redskap».

I Rt.1993.1380 hadde ein tidlegare ustraffa mann problem med å få selt den siste kvalpen i eit kull. For å kvitte seg med hunden og å få utbetalt forsikringspremie prøvde han å avlive hunden med rottegift. Mannen gav rottegift til hunden over 3-4 dagar, før sonen hans oppdaga tilhøvet og avliva hunden med skot. Førstvoterande sa seg einig i byretten sin karakteristikk av tilhøvet som «usedvanlig grov og hensynsløs atferd mot dyr». Det vart lagt vekt på at lovbrøtet vart gjort med sikte på økonomisk gevinst, og at det hadde føregått over fleire dagar. Byretten sin dom på fengsel i 21 dagar og tap av rett til å ha hund i 5 år vart oppretthaldt. Dommen illustrerer korleis lidning over lengre tid og at dyret vart påført sterke smerter gjer at handlinga er over terskelen for grov vald, samt at ein kan legge vekt på motivasjonen bak handlinga.

Rt.2009.1595 gjaldt eit slakteri som grunna ei misforståing med mattilsynet måtte utsetje slakting frå fredag til måndag. Tilhøvet gjaldt 74 lam og 11 sauer. I løpet av helga hadde slakteriet gitt dyra feil type fôr, som resulterte i at dei vart svært sjuke og utsatt for betydelege lidningar. 10 av dyra døde eller måtte avlivast som følge av feilføringa. Sjølv om denne avgjersla ikkje handla om vald, men dyrevernslova § 5 om føring av dyr, illustrerer den korleis Høgsterett vurderte om lovbrøtet var grovt. Førstvoterande uttalte at sjølv om ein kunne legge vekt på subjektive grunnar (misforståinga om slaktetidspunktet) og at handlinga ikkje var gjort med forsett, talte den alvorlege konsekvensen av handlinga for at lovbrøtet måtte reknast som grovt. Avgjersla syner korleis omfanget av handlinga kan vege opp for skuldgraden, òg at det blir stilt eit strengare aktsemdskrav til profesjonelle aktørar i

⁴² Ot.prp.nr.15 (2008-2009) Om lov om dyrevelferd, s.118

saker om dyrevelferd. Desse momenta har overføringsverdi til vurderinga om ei valdshandling er grov.

I Rt.1971.709 hadde ein mann stukke eit kosteskift inn i skjeden på eit hoppeføl. Dette medførte smerter, sjukdom med feber i fleire dagar, bløding frå skjeden og veterinærbesøk. Tilhøvet vart omfatta av den gamle dyrevernsløven. Handlinga vart skildra som graverande, forkasteleg og opprørande. Høgsterett la likevel individuelle omsyn til grunn, og oppretthaldt dommen om 30 dagar fengsel på vilkår og bot. Endringane i dyrevelferdslovgjevinga og straffenivået for dyrekriminalitet tilseier at tilsvarande handling ville blitt straffa strengare nærmare vår tid.

Straffelova §§ 77 og 78 angir skjerpande og formildande omstende, og det følger av straffelova § 1 at straffelovas alminnelege del «*gjelder for alle straffbare handlinger når ikke annet er bestemt i eller medhold av lov eller følger av tolking*». Desse kan spele ei rolle i tolkinga av grovheit, der føresegnene kan overførast til dyrelovbrot. Eksempel på føresegnar som kan verke skjerpande i § 77 er: «*a) er begått med midler eller metoder som er særlig farlige eller har stort farepotensial*» og «*d) er begått på en særlig hensynsløs måte*». Stenevik/Mejdell meiner òg at omsynet til «*avhengighetsforhold*» til lovbyrtaren i bokstav g kan verke skjerpande.

Vurderinga av kva som er grovt vil vere ei avveging av momenta som kjem fram av dyrevelferdslova § 37 og andre moment som er relevante for den aktuelle saka. At verknadane ikkje er veldig alvorlege kan vegast opp for ved at det har føregått over lengre tid og med overlegg. Enkelte tilfelle vil vere klart over terskelen for kva som er grovt. Eksempel på dette er om ein mishandlar dyret med vilje, for eksempel ved å sette fyr på det eller å dra det etter ein bil. Eit anna eksempel er om påfører dyret alvorlege skadar med vilje, som til dømes å knekke bein på dyret.

Akkurat kor grensa vil gå for grov vald er vanskeleg å spesifisere. Ordlyden av § 37 sett i samanheng med § 14 bokstav a taler etter mi meining for at graden av skuld, tal på dyr som vert ramma, kor smertefull valden er og kor lenge valden varer er dei mest sentrale vurderingsmomenta. Eksempla frå rettspraksis over kan verke rettleiande for kvar grensa vil gå. Dei fleste momenta kan vege opp for kvarandre som ved alle samansette vurderingar. At handlinga har føregått over svært kort tid kan til dømes vegast opp for ved at fleire dyr er ramma. Etter mi meining må det likevel vere eit visst nivå av smerte eller fare for skade på dyret. Om ein til dømes knipsar ein hund på snuten kvar dag i eit heilt

år, vil ikkje det at valden ha vart lenge kunne vege opp for den lave graden av maktbruk i ei grovheitsvurdering.

2.3.5 Psykisk vald

Vald er eit ord som har endra meiningsinnhald etter som fokuset på psykisk helse har blitt større. Psykiske overgrep er ikkje alltid det første ein tenkjer når ein høyrer ordet vald, men om ein skulle definere ordet vil det ligge innafor rammene av vald. Det mest nærliggande vil etter mi meining vere å legge til grunn at ordlyden av «*vold*» i § 14 òg omfattar psykiske overgrep, då vald vil omfatte psykiske overgrep i dei fleste sin daglegtale.⁴³

Av straffelova § 271 følger det at den som «*øver vold*» mot en anna person eller «*på anna måte krenker ham fysisk*» straffast med bot eller fengsel inntil 1 år. Om ein ser «*øver vold*» i samanheng med «*på anna måte krenker ham fysisk*» taler dette for at psykisk misbruk ikkje er medrekna i valdsomgrepet i straffeloven. Det er heller ikkje rettspraksis der psykisk misbruk har blitt subsumert under «*vold*». Matningsdal presiserer at «*[v]old forutsetter at det har skjedd en kraftanvendelse mot en annens legeme*».⁴⁴ Andenæs skriver at grensa for kva som er vald i høve til § 228 i straffelova 1902 må trekkast skjønnsmessig, og vil ofte vere situasjonsavhengig.⁴⁵ Forskjellen i terminologien kan kanskje forklarast med at straffelova har andre føresegner som straffar psykisk misbruk, til dømes straffelova § 282 om mishandling i nære relasjonar § 263 om truslar. Det er likevel uheldig at omgrepet vald i dei to lovene ikkje er samanfallande, jf. omsynet til rettseining og førehandsvisse. I førearbeida foreslo Den norske veterinærforening å nytte formuleringa «*utøve fysisk og psykisk vold mot dyr*».⁴⁶ Om lovgjevar hadde nytta ei slik formulering kunne ein unngått misforståingar i tolkinga.

Psykisk vald mot eit menneske vil ikkje alltid vere det same som psykisk vald mot eit dyr. Eit dyr kan naturlegvis ikkje forstå vårt språk, så om ein snakkar nedlatande og trakasserande til eit dyr vil det vere like glad. Av lovproposisjonen følger det at «*[v]old kan gi påkjenninger og belastninger av fysisk og mental karakter*» og at «*[v]old vil ofte være både mental og fysisk, men dyr kan skremmes og*

⁴³ Store Norske Leksikon legg dette til grunn i <https://snl.no/vold>, og Per Isdal definerer vald som «...*enhver handling rettet mot en annen person, som gjennom at denne handlingen skader, smerter, skremmer eller krenker, får denne personen til å gjøre noe mot sin vilje, eller slutte å gjøre noe han eller hun vil*». (Meningen med volden, Kommuneforlaget 2000, s.36).

⁴⁴ Rettsdata straffeloven § 271, Magnus Matningsdal, note 1976

⁴⁵ Andenæs, Spesiell strafferett og formuesforbrytelser, s.62

⁴⁶ Ot.prp.nr.15 (2008-2009) Om lov om dyrevelferd, s.49

*stresses også utan bruk av fysisk vold».*⁴⁷ Dyrevelferdslova har heller ingen andre føresegner som spesifikt rettar seg mot belastningar av mental karakter, men det kan tenkjast at generalklausulen i § 3 og § 26 om trening kan komme til bruk i nokre tilfelle.

Eksempel på psykisk vald kan vere skremming, støy og å skape stressande situasjonar med vilje. På same måte som med fysisk vald vil ein kunne tolke det innskrenkande om det er nødvendig av omsyn til dyret eller andre legitime tilhøve. Om ein skal trene opp ein hund til jakt, er det nødvendig at den blir vand til lyden av skot. Om hunden ikkje lar seg trene opp og framleis er skotredd etter mange nok forsøk, vil det gå ei grense ein stad for kor lenge ein kan prøve å trene den opp utan at det er psykisk vald. Nokre dyr vil kunne ha separasjonsangst eller bli veldig påverka av å vere einsam, til den grad at det går utover den fysiske helsa til dyret. Dette vil òg kunne kvalifisere som psykisk vald.

Legalitetsprinsippet og klårleikskravet vil sette grenser for kva handlingar som vil kunne rammast av føresegna. Kvar den nedre grensa for psykisk vald vil vere endå vanskelegare å presisere enn fysisk vald, og klårleikskravet i legalitetsprinsippet vil gjere at ikkje alt som er straffverdig nødvendigvis vert ramma. I saker som ligg i grenseområdet for psykisk vald mot dyr vil det òg kunne vere vanskeleg å bevise det subjektive skuldkravet.

2.3.6 Er tolkinga av valdsomgrepet relativ til kva dyreart som er subjektet?

Føresegna i § 2 om verkeområde skil ikkje mellom dei forskjellige dyreartane på nokon måte, noko som talar for at ein ikkje skil mellom forskjellige dyregrupper ved tolking av valdsomgrepet. Om ein tolkar vald forskjellig for forskjellige artar kan det verke mot formålet om å fremme respekt for dyr, med tanke på at ein då ville rekna nokon dyr for å vere meir verdt enn andre.

Når ein høyrer om dyrevelferd i media, er det ofte sakene som gjeld typiske kjæledyr som får mest merksemd og skapar sterkast reaksjonar. Ein har òg tidvis sett dette ved straffeutmåling at dyrelovbrot innafor landbruket som har alvorlege konsekvensar for store mengder dyr ikkje blir straffe særleg hardt, om ein samanliknar med lovbrøt mot typiske kjæledyr. Lukas-saka vart til dømes ståande med 90 dagar fengsel utan vilkår med fråtrekk for tilståing. Om ein samanliknar dette med tingrettsdommen TNAMD-2015-163027, der gardbrukaren fekk 120 dagar fengsel utan vilkår med tilståingsrabatt etter å ha lete 92 kyr svelte ihel, får ein i kjensle av at det er noko ubalansert.⁴⁸

⁴⁷ Ot.prp.nr.15 (2008-2009) Om lov om dyrevelferd, s.103

⁴⁸ 23.05.2016 vart straffa betydeleg skjerpa til fengsel i eit år og to månadar, LF-2016-24555.

Det kan likevel tenkast nokre unntak frå hovudregelen i § 2. Sjølv om det ikkje er naudsynt at eit dyr har tatt skade av maktbruken for at noko skal reknast som vald, er det eit moment som kan leggast vekt på. Eit døme er det som vart diskutert i pkt. 2.3.2, å rykke i bandet til ein hund. Det som for ein labrador vil vere eit rykk som får merksemda til hunden og ikkje påfører den noko skade, kan for ein katt i band verke brutalt og påføre katten nakkeskader. Den same handlinga mot to forskjellige typar dyr vil då berre reknast som vald i eit av tilfella. Dette har ein samanheng med den nedre grensa for «*vold*» i § 14, drøfta i pkt. 2.3.3. Eit rykk i bandet til ein større hund vil ikkje nødvendigvis medføre den same smerten eller fare for skade på dyret som rykk i bandet på ein mindre hund.

Ved dyr i landbruket er det nokre andre omsyn som spelar inn enn ved behandling av typiske kjæledyr, nemleg omsyna til økonomi og effektivitet. Eit eksempel på dette er hald av pelsdyr. Sjølv om det er klart at pelsdyr ikkje får oppfylt sine grunnleggande behov,⁴⁹ er pelsdyrhald tillat ved Pelsdyrforskrifta.⁵⁰ Lovgjevar har då latt omsynet til økonomi vege tyngre enn omsynet til dyrevelferd. Likeins blir det når ein nyttar elektriske støyt ved driving av dyr til slakt. Om det blir gjort når andre hjelpemiddel ikkje hjelper og etter framgangsmåten i forskrifta, vil det ikkje vere å rekne som vald. Slike økonomiske omsyn er eksempel på eit «...*annet legitimt formål*» som gjer at valdsomgrepet i § 14 tolkast innskrenkande.⁵¹ Om ein derimot nyttar elektriske støyt på katten for å få den ut av huset vil det heilt klart reknast som vald.

Eit eksempel der ein heilt klart er skilnad på korleis ulike dyregrupper blir vurdert er måten det er lov til å behandle fisk på. Loven sitt virkeområde er avgrensa til dyr som «...*med høy grad av sannsynlighet kan ha positive og negative opplevelser*».⁵² Ut ifrå dyrevelferdsaspektet er det altså ikkje noko som tilseier at vald mot fisk skal tolkast annleis enn mot pattedyr. Likevel kan ein drive med såkalla fang og slipp av fisk, noko som utvilsamt må vere ei negativ oppleving for fisken. Ein liknande aktivitet mot eit pattedyr ville klart blitt definert som vald. Ved slik behandling av fisk blir valdsomgrepet tolka innskrenkande med omsyn til eit «...*annet legitimt formål*»⁵³, blant anna omsynet til å oppretthalde ein berekraftig bestand og omsynet til rekreasjon ved jakt og fiske. Om

⁴⁹ Sjø Pelsdyrdommen (LE-1999-306), der lagmannsretten legg til grunn at «*pelsdyroppdrett av rev og mink skjer på en måte som er i strid med dyrenes opprinnelige og grunnleggende behov*».

⁵⁰ Forskrift om hold av pelsdyr, FOR-2011-03-17-296

⁵¹ Ot.prp.nr.15 (2008-2009) Om lov om dyrevelferd, s.103

⁵² Ot.prp.nr.15 (2008-2009) Om lov om dyrevelferd, s.21

⁵³ Ot.prp.nr.15 (2008-2009) Om lov om dyrevelferd, s.103

ein ikkje behandlar fisken så skånsamt som mogleg ved fang og slipp kan ein likevel vere over grensa for vald.⁵⁴

Konklusjonen er at i visse tilfelle vil vald tolkast annleis ut ifrå kva dyreart det er tale om. Dette kan vere som følge av at omsynet til effektivitet og økonomi veg tyngre på nokre områder, eller fordi verknadane av maktbruken vil vere meir eller mindre alvorlege på forskjellige dyr. Det kan derfor tenkast at den same handlinga vil vere vald mot ein katt men ikkje mot ei ku. På same måte kan verknadane av den same maktbruken mot to forskjellige typar dyr skilje mellom grov og simpel vald.

2.4 Medisinske inngrep

Medisinske inngrep mot dyr er særskilt regulert i dyrevelferdslova § 9 om medisinsk og kirurgisk behandling. Av paragrafen følger det:

«Medisinsk og kirurgisk behandling skal utføres på en dyrevelferdsmessig forsvarlig måte og ivareta dyrets funksjonsevne og livskvalitet.

Det skal ikke gjøres operative inngrep eller fjernes kroppsdeler på dyr utan at det foreligger forsvarlig grunn ut frå hensynet til dyrets helse. Det er likevel tillatt å foreta forsvarlig merking av dyr i dyrehold. Avhorning og kastrering er tillatt når det er nødvendig ut frå hensynet til dyrevelferd eller av andre særlige grunner.

Ved smertefulle inngrep skal det nyttas nødvendig bedøvelse og smertelindring...»

Medisinsk og kirurgisk behandling er i lovproposisjonen skildra som blant anna «...metoder for undersøkelse og diagnostikk, vaksinasjoner, medikamentell behandling, operative inngrep og andre terapeutiske metoder. Med operative inngrep menes behandling som innebærer perforasjon av hud eller sliminne, samt knusing av vev».⁵⁵

Ei naturleg språkleg forståing av «dyrevelferdsmessig forsvarlig» er at behandling skal skje på ein måte som vernar om tilhøve som gjeld dyret sitt ve og vel. Det er òg presisert at behandling skal «ivareta dyrets funksjonsevne og livskvalitet». Etter mi meining vil ikkje dette ha noko sjølvstendig

⁵⁴ For meir informasjon om fang og slipp, sjå http://www.mattilsynet.no/fisk_og_akvakultur/fiskevelferd/fang_og_slipp/

⁵⁵ Ot.prp.nr.15 (2008-2009) Om lov om dyrevelferd, s.98

meningsinnhald ut over «dyrevelferdsmessig forsvarlig», men vil vere ei presisering av dette vilkåret. Dyrevelferd kan definerast som god funksjonsevne og livskvalitet, og vis versa. Det er ei føresetnad for dyrevelferdsmessig forsvarleg behandling at må den bli utført av kompetent personell. Det vart sett på som mest føremålstenleg å regulere dette i dyrehelsepersonellova.⁵⁶

Vidare skal det ikkje gjerast operative inngrep eller amputasjon utan at dette er grunngeve i dyret si helse, med visse unntak. I lovproposisjonen blir det nytta fleire konkrete døme på kva slags inngrep som ikkje vil ha tilstrekkeleg grunngeving. Her kan nemnast amputasjonar med estetisk grunngeving, amputasjon for å redde slakteverdi, fjerning av klør på katt, kosmetiske inngrep, m.m.

At det må vere grunnlag i dyrevelferd eller andre særlege grunnar for avhorning og kastrering betyr at det til skilnad frå inngrep som nemnt i andre avsnitt første setning kan vere andre omsyn enn helsa til det individuelle dyret som er relevant. I lovproposisjonen vart det nytta fleire eksempel, som både gjaldt dyrevelferd hjå andre dyr og nokre som ikkje er av omsyn til dyret sin velferd. Inngrep med omsyn til andre dyr sin velferd er avhorning for å unngå skader og kastrering for at dyret skal gå betre saman med andre dyr. Kastrering av smågris på grunn av ranelukt og smak og kastrering av katt for å unngå lauskattar vart nytta som eksempel på inngrep som kan bli gjort av omsyn til «*andre særlege grunner*». ⁵⁷

Skiljet mellom ulovlege medisinske inngrep og vald er ikkje alltid skarpt. Nokre tilfelle av ulovleg medisinsk eller kirurgisk behandling vil ikkje passe inn i definisjonen av vald, sjølv om det kan vere eit overgrep på andre måtar. Eit eksempel er ein amputasjon av hale for estetiske grunnar, utført av ein veterinær i kontrollerte omgjevnadar og med bruk av bedøving. Handlinga vil sannsynlegvis ikkje vere smertefullt for dyret, og handlinga passar ikkje godt med gjerningsskildringa i § 14 a om vald.

Andre handlingar kan passe gjerningsskildringa i både § 9 og § 14 bokstav a. At ein person som ikkje er kvalifisert til å utføre medisinsk eller kirurgisk behandling kuttar halen av ein hund for estetiske grunnar, utan å nytte bedøving eller eigna utstyr, vil kunne vere både vald etter § 14 a og eit ulovleg

⁵⁶ Ot.prp.nr.15 (2008-2009) Om lov om dyrevelferd, s.40

⁵⁷ Ot.prp.nr.15 (2008-2009) Om lov om dyrevelferd, s.99

medisinsk inngrep etter § 9. Ein talar då om idealkonkurrens, altså at ei handling er eit brot på fleire straffebod. Dette vil ha konsekvensar for straffeutmålinga, jf. straffelova § 79 bokstav a.

3 Ulovleg avliving av dyr

3.1 Paragraf 12

Sjølv om dyr har rett til å ha det godt når dei er i live, har dei ikkje rett til liv. Det var føreslått av nokre av høringsinstansane å innføre eit krav om aktverdig grunn for å avlive, men det vart ikkje gjennomført, og ville truleg ha vore for radikalt å innføre eit slikt krav. Det er likevel spesifisert i fjerde avsnitt at avliving ikkje skal skje som eit «*selvstending underholdnings- eller konkurranseslement*», for å fremje respekt for dyr.⁵⁸ Føresegna er ei vidareføring av dyrevernslova §§ 9 og 10, men utforminga er som elles i lova gjort meir generell.

I § 12 første til tredje avsnitt står det:

«Avliving av dyr og håndtering i forbindelse med avlivingen skal skje på dyrevelferdsmessig forsvarlig måte. Den som benytter beøvings- eller avlivingsutstyr, skal påse at dette er egnet og vedlikehold.

Dyr som eies eller på annen måte holdes i menneskelig varetekt, skal bedøves før avliving.

Bedøvingsmetoden skal gi bevissthetsap, og dyret skal være bevisstløst frå før avlivingen påbegynnes og til døden inntreer. Krav om bedøving før avliving gjelder ikkje viss dyret avlives med en metode som gir umiddelbart bevissthetstap. Etter at avliving er utført, skal det påses at dyret er dødt.

Avliving i nødstilfelle skal i størst mulig grad skje i samsvar med første og andre ledd».

Føresegna vil ramme tilfelle der ein tar sikte på å avlive dyret. Om dyret dør som følge av vald der avliving ikkje var tilsikta eller dårleg handsaming vil dette bli ramma av andre føresegner i lova.

3.2 «Dyrevelferdsmessig forsvarlig»

Ei naturleg språkleg forståing av «*dyrevelferdsmessig forsvarlig*» er behandling som skjer på ein måte der dyret har det godt, eller i verste fall minimerer eventuell liding for dyret. Det er spesifisert i lovteksten at det er ikkje berre sjølve avlivingshandlinga som skal vere dyrevelferdsmessig forsvarleg,

⁵⁸ Ot.prp.nr.15 (2008-2009) Om lov om dyrevelferd, s.45

men òg handtering av dyret i samband med avlivinga. Ved ei avliving er det ikkje berre sjølve avliving som kan føre til unødvendig lidning for dyret. Måten dyret blir behandla på fram mot sjølve avlivingshandlinga kan ha stor påverknad på korleis dyret sin velferd blir ivaretatt. Eksempel på slike faktorar kan vere lukt, lyd, maktbruk og utforming av fasilitetar. Eit konkret verkemiddel for å redusere stressnivå for dyr som skal til slakting følger av «Forskrift om avliving av dyr» § 6: Drivgangane skal «*være innrettet slik at dyrenes flokkinstinkt kan utnyttas*».⁵⁹

Ein kan spørje seg kor mykje «*i forbindelse med avlivingen*» omfattar både i tid og handlingar. Etter mi meining er det naturleg å tolke dette som at det vil omhandle alt som har ein direkte påverknad på dyret som skal avlivast eller omstende rundt dette. Eit eksempel på handtering som vil vere «*i forbindelse med avlivingen*» er når ein transporterar dyret til avlivingsstaden og ventetida for dyret før sjølve avlivinga finn stad.

Departementet legg i «*dyrevelferdsmessig forsvarlig*» at «*[d]et må vere et mål at avliving kan skje med minst mulig stress og smerte for dyret, men det må tas hensyn til kva som er praktisk gjennomførbart*».⁶⁰ Kva som er dyrevelferdsmessig forsvarleg vil vere eit relativt omgrep, og «*vil avhenge av gjeldende kunnskap om om blant annet dyrearten, utviklingstrinnet og de ulike avlivingsmetoder*». Ein må òg vise varsemd om ein ikkje har konkret kunnskap om avlivingsmetodar eller ein art.⁶¹

Ut ifrå det at avliving skal skje på ein «*dyrevelferdsmessig forsvarlig*» måte kan ein lese at den som føretar avlivinga må ha den nødvendige kompetansen til å gjere eit slikt inngrep. Om ein ikkje har den nødvendige kompetansen og opplæringa vil sjølvstøtt sjansen for at dyret lir eller at inngrepet ikkje går som planlagt auke betrakteleg. Kravet til kompetanse for avliving er ikkje spesifikt lovfesta i dyrevelferdslova, men det er eit generelt krav til kompetanse i § 6. Meir spesifikke krav til den som skal utføre inngrep på dyr er regulert i dyrehelsepersonellova.

⁵⁹ Forskrift om avliving av dyr, FOR-2013-01-13-60

⁶⁰ Ot.prp.nr.15 (2008-2009) Om lov om dyrevelferd, s.45

⁶¹ Ot.prp.nr.15 (2008-2009) Om lov om dyrevelferd, s.100

Høgsterett uttalte i Rt.1963.769 at «...når det gjelder avlivningen av dyr, må det stilles store krav til aktsomheten, slik at dyrene ikke blir påført lidelser som kunne vært unngått». Dette tilseier at ein må utvise stor varsemnd ved avliving for at det skal reknast for «dyrevelferdsmessig forsvarlig».

Vilkåret «dyrevelferdsmessig forsvarlig» ser ein òg fleire andre stader i dyrevelferdslova. Ein finn det blant anna i § 9 om medisinske og kirurgiske inngrep, § 20 om jakt og fiske og i § 24 om tilsyn og stell. Vilkåret er ein rettsleg standard som vil endre seg i lys av samfunnsutviklinga og kunnskapen ein har om dyr. Kva som var dyrevelferdsmessig forsvarleg på 50-talet (om ein i det heile teke var eit ord då) er ikkje dyrevelferdsmessig forsvarleg i dag. Vilkåret må tolkast ut ifrå den konteksten det blir nytta i. Kva som er forsvarleg behandling i samband med stell er ikkje nødvendigvis det same som forsvarleg behandling når det gjeld avliving. Praksis relatert til vilkåret i andre føresegner kan vere relevant i dei tilfella der det har overføringsverdi til tilfelle som omhandlar avliving. Dette vil vere ei konkret vurdering i kvart einskild tilfelle.

I dyrevernlova § 9 var det spesifisert at avliving ikkje skulle skje på ein måte der dyret kom i fare for å lide unødvendig. I gjeldande lovs § 12 er ikkje dette vilkåret inkludert, men det følger av generalklausulen i § 3 at dyr skal beskyttast «*mot fare for unødige påkjenninger og belastninger*». Ein kan òg lese dette ut ifrå vilkåret «*dyrevelferdsmessig forsvarlig*». Om ein avlivingsmetode medfører uakseptabel fare for unødvendig liding for eit dyr, kan det heller ikkje reknast for forsvarleg. Sjølv om ei handling skulle føre til eit godt resultat, kan handlinga isolert sett vere uforsvarleg. Stenevik/Mejdell omtaler farevurderinga dette som eit føre var-prinsipp,⁶² og eit slikt prinsipp kjem òg til uttrykk i lovproposisjonen.⁶³

Det er ikkje noko som tyder på at lovgjevar har ønska å endre rettstilstanden angående fare for liding ved avliving. Høgsterett har drøfta farenomentet i ein dom og ein orskurd:

I Rt.1998.928 hadde ein mann skutt ein rein på 50 meters avstand med ein revolver for å avlive den. Reinen vart ført skadeskoten, før den vart avliva med tre skot til. Høgsterett kom til at avlivinga hadde skjedd på ein måte som gjorde at dyret kom i fare for å lide unødvendig. Høgsterett presiserte

⁶² Stenevik/Mejdell, Dyrevelferdsloven, 2011, s.141

⁶³ Ot.prp.nr.15 (2008-2009) Om lov om dyrevelferd, s.94

at det avgjerande ikkje var om dyret faktisk hadde lidd, men om det hadde kome i fare for å gjere det.

I orskurden Rt.2006.957 var spørsmålet om å avlive tamrein med salonggevær på 3-5 meters avstand var i strid med dyrevernslova § 9. Det var ein sedvane i området det gjaldt å først skyte reinen i hovudet, for så å stikke det i nakken med ein kniv og la det blø ut. Førstvoterande uttalte at «*[d]et ligger for det første i bestemmelsen av det ikke kreves at avlivingsmetoden påfører dyret unødvendig lidelse, det er tilstrekkelig at det oppstår fare for at slik lidelse kan inntreffe*». Det vart òg vist til forskrift 1995-775 om dyrevern i slakteri. Sjølv om forbudet mot salonggevær som følgde av forskrifta ikkje forbaud slik bruk mot tamrein utanfor slakteri, slutta førstvoterande frå forskrifta at «*...forbudet ses som utslag av en farevurdering som har generell interesse*».

Det avgjerande for om ei avliving er dyrevelferdsmessig forsvarleg er altså ikkje resultatet, men faren ved handlemåten i seg sjølv. For at avlivinga og handtering i samband med den skal vere dyrevelferdsmessig forsvarleg, må ein minimere liding og andre unødvendige stressfaktorar, så langt det er praktisk mogleg. Det vil vere nokre unnatak, som eg kjem til under.

3.3 Bedøving og rutinar for å sikre forsvarleg dyrevelferd

Kravet om bedøving omfattar berre dyr som haldast av menneskjer, anten dei er tamme eller ville dyr i bur eller innhegning. Dette er av praktiske årsakar, då det vil vere vanskeleg å kunne drive med til dømes jakt om det var eit krav om bedøving. Kravet om bedøving vil gjelde dei typar dyr som er lista opp i dyrevelferdslova § 2. Det er òg spesifisert i lovproposisjonen at «*den gjelder både for landdyr og akvatiske dyr*». ⁶⁴

Ein rapport publisert 6.7.2004 av European Food Safety Authority drøfta dyrevelferd knytt til bedøving ved avliving av dyr. Forskargruppa konkluderte med at avlivingsmetodar som bedøver og avlivar dyret samtidig er å føretrekke der det er mogleg. Ein bør alltid bedøve dyret før sjølve avlivingshandlinga grunna dei alvorlege dyrevelferdsmessige farane forbunde med avliving. ⁶⁵

⁶⁴ Ot.prp.nr.15 (2008-2009) Om lov om dyrevelferd, s.101

⁶⁵ For ei meir utfyllande utgreiing om den fysiologiske ved bedøving av dyr, sjå <http://www.efsa.europa.eu/en/efsajournal/pub/45>

Bedøving som oppfyller føresegna sine krav er berre typen som gir «*bevissthetstap*», jf. andre avsnitt andre setning. Dette vil seie at det ikkje er tilstrekkeleg å til dømes lokalbedøve delen av dyret der ein skal stikke det for å la det blø ut. Ein slik metode ville jo kunne medføre liding og ubehag på andre måtar for dyret, sjølv om ikkje sjølve stikket er smertefullt. Det er heller ikkje tilstrekkeleg at dyret er medvitslaus fram til sjølve avlivingshandlinga, jf. «*til døden inntreer*». Om dyret er medvitslaus gjennom heile inngrepet vil ein oppnå målet om å minimere smerte og stress. Det er òg eit krav om at sjølve bedøvingsmetoden skjer på ein dyrevelferdsmessig forsvarleg måte, jf. «*håndtering i forbindelse med avlivingen*» i første avsnitt første setning.

Eit alternativ til bedøving ved avliving er avlivingsmetodar som gir «*umiddelbart bevissthetstap*». Det typiske då er at ein avlivar dyret med skot mot hjernen, påfører dyret eit slag mot hjernen eller knekk nakken på eit mindre dyr, slik at det døyr med ein gong.

Etter at eit dyr er avliva, skal det «*påses at dyret er dødt*». Dette er for å forsikre seg om at dyret ikkje skal lide unødvendig etter inngrepet og sikre forsvarleg dyrevelferd. Høgsterett har som tidlegare nemnt oppstilt eit strengt aktsemdskrav ved avliving. Typisk er då å blø ut dyret og å kutte av eller knuse hovudet til dyret.⁶⁶

3.4 Avliving i nødstilfelle og aktløyse ved avliving

Avliving i nødstilfelle er regulert i tredje avsnitt, der det står at avliving i «*nødstilfelle*» skal i «*størst mulig grad*» skje i samsvar med første og andre avsnitt. Dette vil òg regulerast ut ifrå straffelova §§ 17 og 18 om naudrett og naudverje.

Det første spørsmålet blir då kva som å rekne som eit «*nødstilfelle*». Ei naturleg språkleg forståing av «*nødstilfelle*» er ein situasjon som kan få alvorlege negative konsekvensar. I ordet ligg det òg eit tidsmoment. Eit naudstilfelle er gjerne noko som krevjar ei snarleg løysing. Det er fleire ulike tilfelle som kan gå inn under dette vilkåret.

Det første ein ofte tenkjer på som naudstilfelle er tilfelle der eit dyr er skada eller sjukt og lir unødvendig. Kor sjukt eller skada dyret må vere for at det må avlivast kan vere ei vanskeleg avgjersle.

⁶⁶ Meir utførleg om bedøving og dødsbekrefting i Stenevik/Mejdell s.145-150

I følge førearbeida har føresegna samanheng med avliving i samband med hjelpeplikta i § 4. Den einskilde må sjølv avgjere om det er forsvarleg å avlive dyret «...ut frå hensynet til blant annet dyret, skadens omfang, egen kompetanse og mulighetene for å få fatt i annen kompetent person/bringe dyret til veterinær». Om ein ikkje er kompetent nok til å avlive dyret kan det lide meir enn nødvendig.⁶⁷

Andre tilfelle vil vere då dyret er til fare for andre enn seg sjølv. Dette kan vere både dyr, menneske og eigedom. Det typiske eksempelet er laushundar som angriper buskap. Det kan òg vere skadedyr som til dømes rotter som gjer skade på eigedom eller spreiar sjukdom.

Kor høg terskelen for å avlive er vil vere ei skjønsmessig vurdering for kvart enkelt tilfelle. Dette vil vere ei vanleg vurdering etter naudrett eller naudverje. Ei naudrettshandling er ikkje lovleg om fara for skade kan «avverges på en annen rimelig måte», og ei naudverjehandling skal «ikkje gå lenger enn nødvendig». Eit eksempel er om ein laushund går etter sauer og lam, og bonden ser seg nøyd til å skyte hunden for å beskytte dyra sine. Bonden kan ikkje skyte hunden om den er langt unna sauane og ikkje viser teikn til interesse, men vil kunne skyte om hunden jagar og biter etter sauene.

Kvar grensa går for straffeansvar ved ei feilvurdering av avliving i nødstilfelle er vil vere problematisk, særleg med tanke på at straff for dette kan sende eit uheldig signal til andre som har eit ønskje om å hjelpe dyr i nød, men at dei blir redd for å gjere feil og derfor ikkje grip inn. Å gå nærmare inn på denne problemstillinga vil falle utanfor oppgåva.

Om ein er nøydt til å avlive eit dyr grunna ein naudsituasjon, må det i «størst mulig grad» skje i samsvar med avsnitt ein og to, altså så dyrevelferdsmessig forsvarleg som mogleg. I nokre tilfelle kan det bli ei vurderingssak om det er mest dyrevelferdsmessig forsvarleg å avlive dyret eller å få fatt i kompetent personell. Dette vil bli ei vurdering der ein må legge vekt på momenta som vart lista opp i lovproposisjonen.

⁶⁷ Ot.prp.nr.15 (2008-2009) Om lov om dyrevelferd, s.101

I Rt.1963.769 vart ein hund som gjekk etter drektige sauer forsøkt avliva ved å slå den med ein stein. Hunden vart liggande i ein steinur i to veker før den vart funne i live av forbipasserande. Høgsterett la til grunn eit strengt aktsemdskrav og uttalte at «...når det gjelder avlivningen av dyr, må det stilles store krav til aktsomheten, slik at dyrene ikke blir påført lidelser som kunne vært unngått».

Høgsterett kom likevel ikkje til at tiltalte hadde handla aktlaust, sjølv om undersøkingane tiltalte hadde gjort for å forvise seg om at hunden var død ikkje var gode nok. Endringane i krav til dyrevelferd talar for at det vil vere eit strengare aktsemdskrav når ein forsikrar seg om at dyret er dødt etter avlivinga, og at ein slik handlemåte ikkje ville oppfylt krava i § 12 tredje avsnitt i dag.

3. Avliving i høve til religion og kultur

Det følger av EMK art. 9 at alle har rett til religionsfridom. I nokre religionar er det visse krav til korleis eit dyr skal slaktast, til dømes å la det blø ut utan å bedøve dyret først. Dette gjer at det blir ein motstrid mellom retten til å utøve sin religion og kravet til ei dyrevelferdsmessig forsvarleg avliving i § 12.

I proposisjonen viser departementet til Cha'ré Shalom ve Tsedek mot Frankrike, ein storkammerdom i EMD.⁶⁸ Spørsmålet var om regulering av avlivingsmetodar var eit brot på religionsfridommen. Fleirtalet kom til at så lenge ein kunne importere mat frå dyr der religionskrava var oppfylt, er ikkje religionsfridommen krenka. Ein kan setje spørsmålsteikn ved om dette er ei løysing som samsvarer med omsyna bak dyrevelferdslova i Noreg, då eit av omsyna er å «...sette et godt eksempel for vern av dyrs interesser, også i internasjonal sammenheng».⁶⁹

Spørsmålet om kultur i høve til dyrevelferd var oppe i Rt.2008.1789, Giettådit-saka. Giettådit er ein tradisjonell samisk slaktemetode der ein først stikk reinen med kniv i brystet, for så å sprette opp halsen på den. I lagmannsretten vart resultatet at ein slik avlivingsmetode utan bedøving var i strid med dyrevernslova § 9. Spørsmålet for Høgsterett var om eit forbod mot metoden ville vere i strid med ILO-konvensjonen nr. 169 artikkel 8 nr. 1 og nr. 2 om skikkar og sedvanar til urfolk.

⁶⁸ Ot.prp.nr.15 (2008-2009) Om lov om dyrevelferd, s.45

⁶⁹ Ot.prp.nr.15 (2008-2009) Om lov om dyrevelferd, s.7

Førstvoterande kom til at det må gjerast ei konkret interesseavveging mellom urinvonerane sine sedvanerettar og nasjonalstaten lovføresegner. At § 9 var ei gjennomføring av folkerettslege forpliktingar gjer at den vil ha forrang, jf. EØS-lova § 2, noko som veg sterkt i høve til eit urfolk sine sedvanar. Departementet slo fast at ut ifrå den kunnskap som var tilgjengeleg er avliving med krumkniv ein dyrevelferdsmessig forsvarleg bedøvingsmetode.⁷⁰ At samar har moglegheit for å nytte krumkniv til avliving av rein utanfor slakteri er òg slått fast i Forskrift om bruk av krumkniv (FOR-2008-07-30-866). Desse to argumenta vart vektlagt tyngre enn dei praktiske og økonomiske fordelane ved Gieltådit, og forbodet var derfor ikkje i strid med ILO-konvensjonen.

3.5 Skilje mellom forskjellige artar ved avliving

Utgangspunktet er her som ved vald mot dyr, det er ikkje skilje mellom dei forskjellige dyregruppene, jf. § 2.

For avliving av hund og katt gjeld Forskrift om avliving av hund og katt.⁷¹ Hund og katt kan berre avlivast med skot mot hjernen, elektrisk apparat godtkjent av mattilsynet eller medikament eller giftstoff av veterinær, jf. forskrifta § 2. Unnataket er om dyret er inntil 8 dagar gamalt, då kan ein nytte slag mot hjernebasse, jf. forskrifta § 3. Ved avliving av gris kan ein nytte gass, noko som ikkje er lovleg mot hund og katt.⁷²

I følgje Stenevik/Mejdell vil kommersiell fiske medføre røff behandling av fisk, då ein sjeldan har anledning til å avlive dei etter kvart som ein tar dei opp.⁷³ Førearbeida seier at ein ikkje kan stille same krav til dyrevelferd ved kommersielt fiske som ved fiskemetodar der ein tar opp ein og ein fisk.⁷⁴ Økonomiske omsyn får då forrang for omsyn til dyrevelferd. Om ein skulle oppretthalde optimal dyrevelferd samstundes som ein driv kommersiell fiske måtte ein ha gjort om på metodane, som kanskje ikkje er praktisk eller økonomisk mogleg i dag.

I Rt.1993.1380 (omtalt over i punkt 2.3.4) prøvde ein mann å avlive ein kvalp med rottegift. Høgsterett omtalte metoden som «*usedvanlig grov og hensynsløs atferd mot dyr*». Samstundes er

⁷⁰ Ot.prp.nr.15 (2008-2009) Om lov om dyrevelferd, s.46

⁷¹ Forskrift om avliving av hund og katt, FOR-1998-10-11-991

⁷² Forskrift om avliving av dyr § 12, FOR-2013-01-13-60

⁷³ Stenevik/Mejdell, Dyrevelferdsloven, 2011, s.230

⁷⁴ Ot.prp.nr.15 (2008-2009) Om lov om dyrevelferd, s.101

dette eit middel som ein brukar for å ta livet av skadedyr. Det er på ein måte sjølvmotseiande at ein drapsmetode blir skildra som grov og omsynslaus når den blir brukt mot ein kvalp, men at ein samstundes nyttar gifta for å ta livet av andre dyr som òg er omfatta av dyrevelferdslova. Dette vil vere eit tilfelle der avlivingsmetoden isolert sett ikkje er dyrevelferdsmessig forsvarlig, men legitime omsyn til helse og skadedyrhandtering gjer at ein må tolke § 12 innskrenkande.

Hovudregelen om at avliving skal skje på ein dyrevelferdsmessig forsvarleg måte vil altså måtte vike i enkelte tilfelle der omsynet til økonomi, folkehelse eller andre legitime omsyn vil komme føre omsynet til dyrevelferd.

3.6 Vald og avliving i konkurrens

I Lukas-dommen (omtalt under) ser ein at § 14 om vald og § 12 om avliving blir nytta i konkurrens. Førstvoterande uttaler i avsnitt 12: *«Domfellelsen gjelder to grove overtredelser av dyrevelferdsloven begått i same handling. Handlingsnormene er inntatt i § 12, som foreskriver at avliving av dyr skal skje på dyrevelferdsmessig forsvarlig måte, og at det skal påses at dyret er dødt etter avliving er utført, og § 14 som forbyr vold mot dyr».*

Dette kan vere noko unaturleg samanlikna med den vanlege strafferetten. Ein vil jo ikkje bli straffa for vald og drap, men berre drap. Vald i samband med eit drap kan likevel vere ei skjerpande omstende etter straffelova, jf. straffelova § 77 bokstav d. Eventuelt har ein kroppsskade med døden til følge. Ei slik føresegn har ein ikkje i dyrevelferdslova, men det at ei valdshandling mot eit dyr har ført til død er eit moment som kan leggast vekt på i grovleiksvurderinga.

I dei fleste ulovlege avlivingar vil det vere ein bruk av makt som isolert sett vil kunne kvalifisere til vold. Det er likevel ikkje sånn at ein kan nytte § 12 og § 14 i idealkonkurrens i kvart tilfelle av ulovleg avliving. Føresegna om ulovleg avliving vil som nemnt over ramme tilfella der gjerningsmannen har hatt til hensikt å ta livet av dyret. Det er ikkje Høgsterettspraksis på tilfelle der gjerningsmannen har tatt livet av eit dyr utan at dette var hensikta, men det kan tenkjast at føresegna kan nyttast i tilfelle med grov aktlause. Om eit dyr dør som følge av vald, men ein kan ikkje bevise grov aktløyse, kan ein heller ikkje nytte § 12 i konkurrens med § 14 a.

Ikkje alle tilfelle som er ulovleg avliving vil vere omfatta av «*vold*» i § 14 a. Legitime omsyn kan gjere at ein tolkar valdsomgrepet innskrenkande, då typisk omsyn til dyrets helse og velferd. Eit eksempel er at ein har eit sjuk katt, som ein vel å avlive ved skot mot hjernen sjølv om ein ikkje er kyndig i bruk av våpen. Dette vil vere ei ulovleg avliving etter § 12, då den manglande kompetansen tilseier at avlivinga ikkje er «*dyrevelferdsmessig forsvarlig*» og det ikkje var ein nødssituasjon der ein ikkje hadde tid til å tilkalle kompetent personell. Omsynet til dyret si velferd og at avlivinga etter tilhøva vart gjort på ein skånsam måte, tilseier at ein i dette tilfellet må tolke «*vold*» i § 14 a innskrenkande, og at handlinga derfor berre blir ramma av § 12.

4 Straffenivå

4.1 Introduksjon

Kriminalitet mot dyr har ein lav oppdagingsrisiko, noko som gjer straff til eit viktig allmenn- og individualpreventivt verkemiddel. Straffenivået kan vere med å forme samfunnet sine haldningar, og det bør derfor spegle endringane som har blitt innført i dyrevelferdslova og korleis dyr no har ein lovfesta eigenverdi.⁷⁵

Dyrekriminalitet er eit område der straffenivået historisk sett har vore relativt lavt. Straff på vilkår eller bøter er det som har blitt nytta oftast, og sjølv ved grove lovbrøt har ikkje fengselsstraffa utan vilkår vore avskrekkande lang.⁷⁶ Dette har òg samband med at dårleg dyrevelferd ofte har ein samband med dårleg psykisk helse, men gjerningsmannen er ikkje så psykisk sjuk at han/ho er utilrekneleg. Dette vil vere ei formildande omstende etter straffelova § 78 bokstav d. I slike tilfelle vil tap av retten til å ha dyr kunne vere eit meir effektivt individualpreventivt verkemiddel enn fengselsstraff.

I dyrevernlova var strafferamma opp til 1 år, før den vart auka med ei lovendring i 2001 til 3 år. Lovgjevar valte å behalde denne strafferamma ved innføring av dyrevelferdslova.

⁷⁵ Sjå Stenevik/Mejdell s.406 for ei meir inngåande drøfting av omsyn bak straff for dyrekriminalitet.

⁷⁶ Ot.prp.nr.15 (2008-2009) Om lov om dyrevelferd, s.88

Fleire eksempel på straffnivået for dyrekriminalitet før lovendringa i 2001 vart trekt fram i Lukas-saka (drøfta under). Rt.1991.360 om alvorleg vanstell av 10 storfe som vart svelta og tørsta til daude, der straffa vart seten til 30 dagar fengsel utan vilkår. Rt.1993.1380 omhandla føring av rottegift til ein kvalp for å få utbetalt forsikring, der straffa vart seten til 21 dagar fengsel utan vilkår. Rt.1994.1272 gjaldt vanstell av 60 til 81 hundar og 14 kattar over ein periode på fire månadar, som resulterte i avliving av 14 hundar og 14 kattar. Straffa vart her seten til 60 dagar fengsel, der 46 var på vilkår.

Vidare vart det trekt fram tre eksempel frå underrettspraksis frå etter innføringa av lovendringa, då det ikkje var avgjersler frå Høgsterett frå etter innføringa av dyrevelferdslova for å belyse straffnivået.

I Haugaland tingrett 14. januar 2011 (THAUG-2010-155241) vart ein mann dømt til fengsel i 60 dagar for å ha avliva ei ku ved å stikke den i halsen ni gonger med kniv, samt andre tilhøve. Retten la til grunn at normalstraffa ligg på 45 til 90 dagar fengsel.

I Oslo tingrett 31. januar 2013 (TOSLO-2012-184419) vart ein mann dømt til 120 dagar i fengsel og tap av retten til å eige hund for mishandling av ein hund og ein kvalp over ein periode på ca. tre og ein halv månad, der kvalpen døydde etter 16 dagar som følgje av mishandlinga. Dette inkluderte straff for eit narkotikalovbrot som isolert sett ville gitt fengsel i 30 dagar. Mor til domfelte vart òg dømt til fengsel på vilkår i 21 dagar for medverknad, for å ha overlate kvalpen til domfelte.

Vesterålen tingrett dømte 28. april 2015 (15-054297ENE-VTRA) ein mann til 90 dagar i fengsel etter frådrag for tilståing, og tap av rett til å eige hund i fem år. Domfelte hadde i likskap med den aktuelt dommen drukna ein hund.

4.2 Lukas-saka – HR-2016-295-A

Den tiltalte i Lukas-saka hadde saman med sin sambuar overtatt ein hund frå to tidlegare eigarar som ville avlive hunden, grunna at den var «ustabil, pep og tisset inne». Etter nokre veker kom tiltalte også fram til at hunden måtte avlivast.

Tiltalte vurderte å avlive hunden med ein hammar, men var redd for å bomme og at hunden skulle lide. Han ville heller ikkje nytte veterinær til avliving, då dette kosta 2000kr og var for dyrt. Av ein kjenning hadde han fått høyre at drukning var ein human måte å døy på, å bestemte seg derfor for å drukne hunden.

Tiltalte batt hunden fast til eit betongrøyr, og kasta den så 6,5 meter ned ifrå brua til vatnet, der hunden vart dradd under vassoverflata og drukna. Det vart lagt til grunn at det gjekk 3-4 minutt før hunden døyde, men det var uklart kor lenge den var bevisst. Saka fekk mykje merksemd i media, og tiltalte meldte seg for politiet.

Høgsterett viste til førearbeida⁷⁷ ved lovendringa i 2001, om grunngevinga bak auking av strafferamma, der departementet uttalte at den låga maksimumsstraffa ikkje harmonerte med den allmenne rettsoppfatninga, og at ei auking av strafferama vil gje domstolane «*en større mulighet for å differensiere straffen ut fra alvorlighetsgrad*». HR viser også til fråsegna i lovproposisjonen der departementet uttalar at «*[g]rov dyremishandling er handlinger der straffverdigheten tilsier at strengere straffer bør idømmes*».

For å illustrere det tidlegare straffenivået viser Høgsterett til tre høgsterettsdommar.⁷⁸ Det vert presisert at grunna lovendringa i 2001 og haldningsendringa i dyrevelferdslova gjer at straffenivået i desse dommene ikkje er rettleiande.

I avsnitt 24 viser dommen til tre eksempel frå underrettspraksis om avliving av dyr, og førstvoterande understrekar at Høgsterett må kunne stille seg relativt fritt frå korleis straffenivået har vore etter underrettspraksis.⁷⁹

Det mest sentrale for straffeutmåling er handlinga si grovheit. Grovheitsvurderinga omfattar kor mange dyr som er ramma, kor stor liding som er påført og grad av skuld. Vidare påpeikast det at ei streng straff vil signalisere at dyr skal behandlast med respekt, noko som blir jamført med dyrevelferdslova § 1. Det blir òg lagt vekt på allmennpreventive omsyn, då det generelt sett er

⁷⁷ Ot.prp. nr. 68 (1999-2000), s. 3-4

⁷⁸ Skildra i pkt. 5.1

⁷⁹ Skildra i pkt. 5.1

vanskeleg å oppdage brot på dyrevelferdslova, noko som det vart lagt vekt på i Rt.2009.1595. Eit siste moment førstvoterande framhevar er at dyr «*helt og fullt er prisgitt menneskene som har ansvar for dem*».

I avsnitt 36 understrekar det at det avgjerande er ikkje om handlemåten faktisk har skapt smerte og frykt hjå hunden, men om den var eigna til å gjere det. Førstvoterande reknar det likevel som formildande at lidinga var relativt kortvarig samanlikna med andre brot på dyrevern- eller dyrevelferdslova. At handlinga var med vilje og overlagt blir peika på som eit skjerpande moment, medan det at domfelte trudde drukning var ein human måte å døy på reknast var formildande.

Når det gjeld aktor sin påstand om fengsel i 10 månadar etter frådrag, finn førstvoterande den vesentleg for streng. For det første vil det ikkje stå i «*et rimelig forhold til et realistisk straffenivå for de store dyretragedier*». Det vert også argumentert for at straffa ikkje står i forhold til straffenivået i andre typar saker, og at det skal mykje til for å komme opp i fengsel i 10 månadar for kroppslege krenkingar mot menneske. At domfelte meldte seg til politiet og tilsto måtte òg føre til ein klar staffereduksjon.

Høgsterett kom derfor samrøystes til at anka ikkje førte fram. Det vart påpeika at utgangspunktet på 120 dagar i fengsel er ei vesentleg skjerping av straffenivået samanlikna med praksis frå Høgsterett under dyrevernlova.

4.3 Rettsutviklinga

Lukas-saka representerte ei merkbar auking i straffenivået for dyrekriminalitet. I Lukas-saka er det tale om eit dyr som har lidd over eit relativt avgrensa tidsrom. Førstvoterande peikar òg på at fengsel på 10 månadar for vald og ulovleg avliving av eit enkeltdyr ikkje vil stå i eit rimeleg forhold til store dyretragediar. Det er derfor sannsynleg at straffenivået tilfelle som omfattar fleire dyr vil bli vesentleg skjerpa.

Konsekvensane av Lukas-saka og særleg konsekvensen for tilfelle av dyrekriminalitet som omhandlar fleire dyr vart omtalt i Riksadvokatens mål- og prioriteringsrundskriv for 2016: «*Alvorlige overtredelser av dyrevelferdsloven må behandles raskt og på en kvalitativt god måte. Det synes som*

*om straffnivået for grov mishandling av dyr har blitt skjerpet, jf. Høyesteretts avgjørelse fra i år hvor en hund ble avlivet. Dette må få betydning for straffnivået også i saker der flere dyr mishandles eller dør, og det bør tilstrebes en merkbar forskjell (proporsjonalitet) mellom saker som gjelder enkeltdyr og der hvor mange dyr lider. Et godt samarbeid mellom politiet og miljøforvaltningen er viktig».*⁸⁰

Eit konkret tilfelle saka fekk konsekvensar for er dommen frå Namdal tingrett, TNAMD-2015-163027. Ein gardbrukar vart då dømd til 120 dagar i fengsel utan vilkår og tap av retten til å halde dyr i 10 år, for å bevisst ikkje ha gitt fór til 92 dyr med resultatet at dei alle svelt i hel. Mannen hadde psykiske problem, men ikkje til den grad at han var utilrekneleg.

I ankesaka i Frostating lagmannsrett (LF-2016-24555) vart straffa vesentleg skjerpa til fengsel i eit år og to månadar og tap av retten til å halde dyr på ubestemt tid. Retten viste til førearbeida som seier at «*personlige forhold ikkje kan unnskylde alle alvorlige brudd på dyrevelferdslovgivningen...*» og at «*[g]rov dyremishandling er handlinger der straffverdigheten tilsier at strengere straffer bør idømmes*».⁸¹ Det vart påpeika at den objektive brotet på dyrevelferdslova var «*massiv*», og at det var «*snakk om lidelser av et slikt samlet omfang at det må karakteriseres som en stor dyretragedie*». Retten viste til Høgsterett sitt fråsegn i Lukas-saka angående aktor sin påstand om fengsel i 10 månadar om at «*[e]n slik straff vil ikke stå i et rimelig forhold til et realistisk straffnivå for de store dyretragedier*».⁸²

Det er tydeleg at Lukas-saka har hatt ein stor påverknad på straffnivået for dyrekriminalitet, og utviklinga er i tråd med departementet sitt syn i proposisjonen om at strengare straffar bør idømmast ved grov dyremishandling.⁸³ Dommen frå Frostating illustrerer at det ikkje er grunn til å hevde at dyr som blir nytta i matproduksjon nyter eit dårlegare rettsvern enn typiske kjæledyr. Det gjenstår å sjå om Høgsterett vil legge seg på same straffnivå som i dommen frå Frostating for større dyretragediar, men ein kan i alle fall forvente at dyr nytta i matproduksjon får eit større rettsvern og tal på dyr ved dyremishandling får eit større fokus enn det har fått i tidlegare rettsavgjersler. Lagmannsretten valte òg å auke tapet av retten til å halde dyr til ubestemt tid, sjølv om tapet av retten til å halde dyr ikkje vart auka i Lukas-saka. Om liknande saker kjem opp for Høgsterett kan det

⁸⁰ <http://www.riksadvokaten.no/filestore/Dokumenter/2016/MI-ogprioriteringsskriv2016.pdf> s.10

⁸¹ Ot.prp.nr.15 (2008-2009) Om lov om dyrevelferd, s.88

⁸² HR-2016-295-A, avsnitt 39

⁸³ Ot.prp.nr.15 (2008-2009) Om lov om dyrevelferd, s.88

tenkjust at tap av rett til å halde dyr til ubestemt tid blir eit individualpreventivt verkemiddel som blir tyngre vektlagt enn før.

5 Litteraturliste

Lover

- Almindelig borgerlig Straffelov, LOV-1902-05-22-10
- Lov om dyrevern (dyrevernlova), LOV-1974-12-20-73
- Lov om veterinærer og annet dyrehelsepersonell (dyrehelsepersonelloven), LOV-2001-06-15-75
- Lov om straff (straffelova), LOV-2005-05-20-28
- Lov om dyrevelferd (dyrevelferdslova), LOV-2009-06-19-97

Forskrifter

- Forskrift om dyrevern i slakterier, FOR-1995-08-28
- Forskrift om avliving av hund og katt, FOR-1998-10-11-991
- Forskrift om bruk av elektrisk strøm ved trening av hund, FOR-2008-03-14-256
- Forskrift om bruk av krumkniv, FOR-2008-07-30-866
- Forskrift om hold av pelsdyr, FOR-2011-03-17-296
- Forskrift om avliving av dyr, FOR-2013-01-13-60

Førearbeid og rundskriv

- Ot.prp.nr.68 (1999-2000) Om lov om endringer i lov 20. desember 1974 nr. 73 om dyrevern
- NOU 2002: 04, Ny straffelov, Straffelovskommisjonens delutredning VII, 5.2.2.3.3
- Ot.prp.nr.15 (2008-2009) Om lov om dyrevelferd
- Innst.O.nr.56 (2008-2009) Innstilling fra næringskomiteen om lov om dyrevelferd
- Rundskriv nr. 1/2015, Oslo, 9. Mars 2015, Mål og prioriteringar for straffesakshandsaminga i 2015 – politiet og statsadvokatene.

Litteratur

- Bentham, Introduction to the Principles of Morals and Legislation, 1823, kapittel 17
- Matningsdal/Bratholm - Straffeloven 1902 kommentarutgave. Anden del. Forbrydelser, 1995, Universitetsforlaget
- Isdal, Meningen med volden, 2000, Kommuneforlaget
- Backer, 2006, Kan foreldrene gi barna en «lett klaps»?
- Harald Bjorvand og Fredrik Otto Lindeman: Våre arveord – etymologisk ordbok. Revidert og utvidet utgave. Novus Forlag 2007
- Andenæs, Spesiell strafferett og formuesforbrytelser, 2008, Universitetsforlaget
- Stenevik/Mejdell, Dyrevelferdsloven, 2011, Universitetsforlaget
- Stang, 2011, Alle former for vold mot barn er forbud – og straffbart?
- Rettsdata, straffeloven § 271, Magnus Matningsdal, note 1976

Øvrig

- <https://snl.no/>
- <http://no2014.uio.no/perl/ordbok/no2014.cgi?soek=vald>
- http://www.mattilsynet.no/dyr_og_dyrehold/kjaledyr_og_konkurransedyr/hund/trening_av_hund__hva_er_lov.16447
- <http://www.labadoption.org/info/file?file=17128.pdf>
- http://www.mattilsynet.no/om_mattilsynet/gjeldende_regelverk/veiledere/tilsynsveileder__katt.16905/binary/Tilsynsveileder%20-%20katt
- http://www.mattilsynet.no/fisk_og_akvakultur/fiskevelferd/fang_og_slipp/
- <http://www.efsa.europa.eu/en/efsajournal/pub/45>